


KOMMUNEPLAN FOR LOM 2021-2030 AREALDEL

KONSEKVENSGREIING av område for råstoffutvinning utan reguleringsplan

Tillegg til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Retta versjon ved planvedtak
Felles plankontor for Lom og Skjåk, 15.11.2022



Område M1: Stallhytta i Veodalen. Flyfoto 2017.

Innhald

1. Innleiing.....	4
2. KU av område for råstoffutvinning utan reguleringsplan.....	6
2.1 M1: Stallhytta i Veodalen – Råstoffutvinning - eksisterande.	6
2.2 M6: Kyrkjeflaten – Råstoffutvinning - eksisterande.....	10
2.3 M13: Skauta i Visdalen – Råstoffutvinning - eksisterande.....	15
2.4 M50: Illmyrbakkjin– Råstoffutvinning - eksisterande.	19
2.5 M80: Hovdevegen – Råstoffutvinning - eksisterande.....	23
2.6 M81: Juvasshytta– Råstoffutvinning - eksisterande.....	27
2.7 M87: Åslia i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	32
2.8 M88: Vesløygarden i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	35
2.9 M89: Barhaugen i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	39
2.10 M90: Jota i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.....	42
2.11 M91: Liasetra – Råstoffutvinning - eksisterande.....	45
2.12 M92: Kvammen i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	49
2.13 M93: Vamba i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	53
2.14 M94: Botten i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	56
2.15 M99: Omundjordet i Meadalen – Råstoffutvinning - eksisterande.	59
2.16 M100: Tavelflye i Smådalen– Råstoffutvinning - eksisterande.	64
2.17 M104: Otta ved Geitøye– Råstoffutvinning - eksisterande.	69
2.18 M105: Otta ved Vulu, Garmo– Råstoffutvinning - eksisterande.....	74
2.19 M106A og M106V: Otta ved Liabru – Råstoffutvinning - eksisterande.	79
2.20 M108: Otta ved Yttervikje – Råstoffutvinning - eksisterande.....	84
2.21 M109: Tessemagasinet ved Ilva – Råstoffutvinning - eksisterande.	88
2.22 MS3: Graffer – Råstoffutvinning - eksisterande.	92
2.23 MS4: Brimi – Råstoffutvinning - eksisterande.....	96
2.24 MS5: Thulittbrot i Lia– Råstoffutvinning - eksisterande.	99
2.25 MS6: Lille Odde i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.....	102
2.26 MS7: Storurde i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.	105
2.27 MS8: Kjæstadurde– Råstoffutvinning - eksisterande.....	109
2.28 MS10: Tessemagasinet – Råstoffutvinning - eksisterande.....	116
3. Arealrekneskap for masseuttaksområde utan reguleringsplan.	120
4. Vurdering av samla konsekvensar for masseuttaksområde utan reguleringsplan.	123
4.1 Naturmiljø og naturmangfald - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.....	123
4.2 Jord, skogbruk og reindrift.	126
4.3 Landskap.	126
4.4 Geologiske og hydrologiske ressursar.....	127
4.5 Kulturminne og kulturmiljø.	127
4.6 Forureining, energi og klima.....	127
4.7 Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.....	127

4.8	Teknisk infrastruktur.....	128
4.9	Samfunnstryggleik.....	128
4.10	Trafikktryggleik.....	128

1. Innleiing.

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle kommuneplanar med ramar for framtidig utbygging, ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiing (KU) skal vera ein del av planskildringa. KU skal skildre verknadane for einskilde område og den samla verknaden for miljø og samfunn ut frå kjent kunnskap og eventuell nødvendig oppdatering av denne. Utgreiinga skal vera relevant for å fatte ei avgjerd og skal vera tilpassa omfanget av tiltaket og konfliktgraden.

I forslag til kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030, er det vidareført 29 område for råstoffutvinning frå gjeldande kommuneplan frå 2003, som ikkje er omfatta av reguleringsplan. Områda har sitt opphav i Kommunedelplan for sand, grus og stein, vedteken av Lom kommunestyre 19.06.1997. Kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, vil ikkje lenger vere gjeldande ved vedtak av forslaget til nye arealdel til kommuneplan for Lom som no fremmast.

Det er i forslaget til ny arealdel til kommuneplan, for Lom knytt følgjande planføresegn (§ 3.7): «Før nye område for råstoffutvinning vert teke i bruk, eller at eksisterande område for råstoffutvinning vert vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og godkjent reguleringsplan for området, jf. Pbl § 11-9 nr. 1.»

Statsforvaltaren i Innlandet skriv i si uttale til planforslaget datert 23.09.2021, at dei tolkar det slik at uttaka kan vidareførast utan reguleringsplan der det er teke ut noko masse allereie - og at kommuneplanforslaget også opnar for ei viss utviding av eksisterande massetak, utan reguleringsplan. Statsforvaltaren meiner at alle desse områda for råstoffutvinning, burde vore konsekvensutgreidd på nytt, og oppdatert i høve til ny kunnskap og evt. endra føresetnader.

Statsforvaltaren meiner at opplegg og siktemål for ein slik gjennomgang bør vere:

- sjå det samla behovet for masseuttak i samanheng, med siktemål å redusere antal område,
- oppdatere om evt. ny kunnskap om naturmangfald mm.,
- sette krav om reguleringsplan, særleg der avsett uttak er stort og det er teke ut lite masse, evt er eit behov for uttak av større mengder masse over lengre tid og/eller uttaksområdet ligg svært eksponert (fleire uttak i planen ligg godt over skoggrensa, delvis heilt opp mot 1.500 moh),
- vurdere generelle rammer for uttak som ikkje blir omfatta av krav om regulering, som m.a. ein tidsfrist for avslutning, innskrenking av uttaksområdet, krav om revegetering mv.

Ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanforslaget, har Statsforvaltaren i Innlandet dessutan reist motsegn mot 4 av dei 29 områda for råstoffutvinning:

- M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, konflikt med naturmangfald.
- M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrue (austsida av brua), konflikt naturmangfald

NVE viser i si uttale til planforslaget datert 22.09.2021, at kommunen har foreslått 29 områder med arealbruksformål råstoffutvinning – eksisterande verksemd utan tidlegare reguleringsplan. 7 av disse utan reguleringsplan gjelder masseuttak i vassdrag. Planføresegnene § 3.7 krev at før nye områder for råstoffutvinning blir teke i bruk, eller eksisterande område blir vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og bli godkjend reguleringsplan for området. NVE tolkar dette slik at eksisterande uttak utan reguleringsplan ikkje treng ytterlegere lovmessig avklaring, dersom de allereie er teke i bruk som masseuttaksområder. På den måten vil eksisterande masseuttaksområder bli stadfesta ved vedtak av kommuneplanen. NVE skriv at dei ikkje kan sjå at det gjort nokon heilskapleg faglege utgreiingar eller konsekvensutgreiingar for temaet råstoffutvinning. Dette meiner NVE er en fagleg mangel i planen, jf.

også pbl. § 11-8 f). NVE meiner det må stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan for dei uttaka kommunen ønskjer å vidareføre, uavhengig av om uttaket er starta opp eller ikkje.

NVE fremmer motsegn til områder for råstoffutvinning i verna vassdrag inntil det er gjort en fagleg dokumentasjon og lovmessig avklaring for disse uttaka (jf. vrl §§ 8 og 35). NVE skriv i si motsegn at vurdering av samla effekt av uttaka er viktig å gjennomføre, og at ein vidare må sjå på effektar av uttak, samt konsekvensar av uttaka og plassering med tanke på vernegrunnlag og andre miljøverdiar i vassdraget. For masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan må det stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan for de uttaka kommunen ønsker å vidareføre, uavhengig av om uttaket er starta opp eller ikkje.

Fylkesutvalet i Innlandet fylkeskommune tilrår at kommunen føreteik en gjennomgang og ei ny vurdering av masseuttaksområder som ikkje har reguleringsplan med tanke på behov, konfliktnivå og kunnskapsgrunnlag.

Kommunen ser også at det kan vere grunnlag for å sjå nærare på massetaka som ligg i planforslaget og som ikkje er omfatta av reguleringsplan. Med bakgrunn i dette og motsegnene og merknadane frå Statsforvaltaren i Innlandet, NVE og Innlandet fylkeskommune, har kommunen utarbeidd ei konsekvensutgreiing for dei områda som var med i forslaget til kommuneplanens arealdel ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring i 2021.

Under er det først gjort ei konsekvensutgreiing knytt til kvar av dei 29 områda som ikkje er omfatta av reguleringsplan, etterfølgd av ein samla vurdering av konsekvensar knytt til områda for råstoffutvinning.

Konsekvensutgreiinga vil vere nyttige verktøy for kommunen i arbeidet med å vurdere om et ressursuttak er fornuftig i et samfunnsperspektiv, f eks om ressursens kvalitet er så viktig at mindre eller større ulemper kan akseptast, om ressursen er eineståande eller om det er mange likeverdige ressursar i kommunen/regionen osv.


For byggeråstoffa grus, sand og pukk/stein, er i tillegg situasjonen slik at transportkostnadane utgjer en relativt stor del av pris ut til kunde. Ved transportavstandar på 30 til 40 km kan til dømes transportkostnaden bli større enn verdien av råvarene. Dette vil spele inn når det gjeld vurderingar av uttaksstader og driftsvilkår i dei enkelte uttak. Det same forholdet gjeld i nokon grad uttak av murarstein til flaumførebygging av vassdrag og ved anlegg av vollar for sikring mot skred i bratt terreng.

2. KU av område for råstoffutvinning utan reguleringsplan

2.1 M1: Stallhytta i Veodalen – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	6,5 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast på Veodalsvegen. Konfliktvurdering den gong: Naturlandskap. Uttaket er lite og i tilknytning til veg.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område kring Veo er elles omfatta av faresoner for flaum, men for lesbarheit er denne utelete på utskrifta.



M1 – Flyfoto 2017.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området ligg om lag 2 km aust for grensa til Jotunheimen nasjonalpark. Det er i Artsdatabanken registreringar av raudstilk og symjesnipe, begge med status NT - nær truga - på raudlista. Det er elles hekkelokalitetar for freda rovfugl i nærleiken.	Uttaket er forholdsvis lite. Området ligg nær Veo og eit lite tjern som kan vere potensiale for hekking/beiteområde for vadefugl. Området ligg innafor jaktområde for freda rovfugl, men storleiken på uttaket tilseier at det vil ha små skadeverknader.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar snaumark og ligg om lag 1265 moh. Det omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og er viktig kalvingsområde og beiteområde for reinen til alle årstider. Det er også kartfesta trekkveg ved uttaksområdet. Veodalen er også viktig område for utmarksbeite for storfe, og i beitebruksplan for Lom frå 2007, viser at det vart slept 80 storfe.	Masseuttaket er forholdsvis lite, men vil i nokon grad kome i konflikt med reindrift og beite av storfe, men både reindriften og landbruket elles, er avhengig av at Veodalsvegen blir vedlikehalde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Landskapet i Veodalen er storslått og vakkert, og har landskapsverdiar knytt til vassdrag og landskapsformar ut over det normale.	Uttaksområdet ligg inntil veg og er forholdsvis lite, men ligg ope til i dalen og er synleg frå store område. Uttaket ligg nær Veo og lita tjønn.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Uttaket er registrert i NGUs grusbaser som ein ressurs av lokal verdi. Førekomen er del av ein breelvavsetting og tilhøyrar eit ryggsystem (esker) av ca. 4 km. lengde. I kommunedelplanen for sand stein og grus frå 1997, er det oppgjeve 60 % sand og 35 % grus. På flybilde frå 2017, kan ein sjå at det er teke ut grus på om lag halve arealet.	Verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er om lag 14,5 km til næraste godkjende område for råstoffutvinning på Kyrkjeflata (M6), og uttaket skal også dekkje vedlikehald av den om lag 10 km lange vegstrekninga vidare inn til Glitterheim.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i masseuttaksområdet eller heilt i nærleiken. Veodalen er elles rikt på kulturminne (fangst-anlegg, buer mm.)	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Einaste bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt, er Stallhytta. Det er langt til andre masseuttak, og uttaket vil derfor ha stor verdi når det gjeld å redusere transport og energibruk.	Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Grusuttaket vil i liten grad råke bygnad, og vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere noko stort problem med støy eller støvflukt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Veodalsvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er forholdsvis lite og sjølv uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller betyding for barn og unge. Veodalen er svært viktig område for friluftsliv, både for lokalbefolkninga og for tilreisande. Vegen til Glitterheim går inntil området. Parkeringsplassen er ved nasjonalparkgrensa om lag 2 km lengre inn. Mange kjem forbi uttaksområdet i bil, men det er da noko avgrensa med fotturistar og syklande forbi uttaksstaden.	Grusuttaka og arbeida på vegen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Uttaksområdet er forholdsvis lite, og legg ikkje beslag større areal for friluftslivet. Det er god passasje for ferdsel langs Veo.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett til for skred eller flaum.	Det er ingen potensiell naturfare som trugar uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Trafikktryggleik	Masser frå uttaks-området skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Veodalsvegen (bomveg), og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på Veodalsvegen vil vere avgrensa og av forholdsvis kortvarig karakter, og ikkje skje i den perida det er mest turistar i området. Ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. aktiviteten som er knytt til massetaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av Veodalsvegen, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort. Det er stor avstand til alternative lokalitetar som er godkjende for uttak av masse. Massen som vert teke ut, er godt eigna for føremålet.	Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at uttaket ligg sentralt i forhold til transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er knytt negative konsekvensar til uttaket i forhold til landskapsverdiar naturmiljø og friluftsliv, men uttaket er lite i forhold til det store landskapsrommet og dei store natur- og frilufts-områda i og kring Veodalen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av uttaket er mykje knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Statsforvaltaren har i si uttale til planforslaget sterkt oppmoda kommunen å vurdere kritisk om M1 ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn og vassdragsomsyn, evt. bli omfatta av krav om reguleringsplan. Han viser til at masseuttaket ligg delvis svært eksponert i høg fjell og delvis nær vassdrag.

Det er knytt negative konsekvensar av uttaket knytt til landskapsverdiar, naturmiljø og friluftsliv, men uttaket er forholdsvis lite i forhold til det store landskapsrommet og dei store natur- og friluftsområda i og kring Veodalen. Ulempene er vurdert å vere til å leve med i forhold til nytteverdien av uttaket.

Konklusjon:


Plankontoret vurderer at grusverksemda i område M1 bør kunne fortsette, og tilrår at området blir oppretthalde i planforslaget som område for råstoffutvinning innafor dei grensene uttaket har i planforslaget ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

Plankontoret meiner det er behov for betre styring av aktiviteten i området enn det ein kan oppnå gjennom kommuneplanen, t.d. bør det kome på plass reglar for driftstid og tiltak som skal setjast i verk/vere på plass ved avslutting av uttaket. Plankontoret vil derfor tilrå at det i planføresegnene til kommuneplanen, stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan dersom grusverksemda innafor område M1 – Stallhytta - skal halde fram.

2.2 M6: Kyrkjeflaten – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	53,7 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området tente som område for masselagring og massebehandling i samband med utbygging av Smådøla kraftverk, som vart avslutta i 2015. Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast på veganlegget Hesthagen – Smørli- Ekleseter.



Kartutsnitt frå planforslaget. M6 er ikkje omfatta av faresoner for flaum eller skred, og for lesbarheit er faresoner utelete på utskrifta.



M6 – Flyfoto 2015.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i område M1 av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, og i første høyringa av kommuneplanen er det kome fram at område sør for Nåvårsetren har stor betyding for elgen og for elgtrekket i området.	Området for råstoffutvinning er forholdsvis omfangsrikt og omfattar ei fylling av tunnelmasse frå utbygginga av Smådøla kraftverk. Etter kraftutbygginga, skjer det behandling og lagring av massar som nyttast til vegføremål oppe på masselageret. Verksemda legg beslag på beiteareal og kan forstyrre elgen i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar snaumark og ligg mellom 615-940 moh. Hovuddelen av arealet er snaumark, men nedre del av arealet har skog av låg bonitet. Det omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. Området ligg utanfor konsesjonsområde for tamreindrift. Arealet kring Nåvårseter er viktig område for utmarksbeite for storfe og sau. Beitebruksplan for Lom frå 2007, viser at det vart slept 100 storfe og 400 sau i området mellom Nåvårsetra og Smørli.	Området for råstoffutvinning vil i nokon grad kome i konflikt med beite av storfe og sau, men beiteområdet er stort og Kyrkjeplata har i lengre tid vore areal som ikkje har særleg stor beiteverdi. Grusverksemda i område M6, har elles små skadeverknadar for landbruket, og for seterdrift og utnytting av utmarksbeite, er det av stor verdi og ha grusressursar til vedlikehald av vegane.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Området ligg 850 - 925 moh. på ein breelvavsetting med markerte ryggar og daudisgroper, og nær Nåvårseter med eldre seterbygning. Området er kartlagd med spesielle verdiar knytt til kultur- og naturlandskap, og er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap i Oppland (KULA).	Område M6 ligg ovafor skoggrensa og er synleg frå store område, og kan verke skjemmande.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Område M6 ligg på ein breelvavsetting, og utgjer ein grusressurs av lokal verdi NGU sin grusdatabase. Avsettinga vist med "anteke stort grunnvass-potensiale". I kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, er det oppgjeve å det ikkje er att mykje grus, men at denne er av god kvalitet. Grusverksemda i området i dag baserer seg i hovudsak på masse frå vasskraftutbygginga og anna tilfør masse.	Massane skal nyttast på veganlegget Hesthagen – Smørli- Ekleseter. Den største verdien av området, er knytt til at det er kort avstand for transport av grusen som produserast ut på veganlegget er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det har også ein økonomisk verdi å kunne produsere grus frå tunnelmassane frå bygginga av kraftanlegget.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang</i> (++) Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i masseuttaksområdet eller heilt i nærleiken. Området kring Nåvårseter og Smådøla er elles rikt på kulturminne (fangst-anlegg, gamal seterbygnad mm.)	Område for råstoffutvinning vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Ei hytte ligg på det nærast berre 100 m frå området for råstoff-utvinning, og kan bli særleg utsett for støy eller støvflukt. Elles kan støy frå sortering, knusing og pigging, vere til sjenanse for seterbyggnaden på Nåvåsetrin. Foreslege område for hyttebygging på Nåvårsetervangen (BF12), kan også bli utsett for støy/støvflukt. Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Støy og støvflukt er negativt for hytta som ligg nær inntil, i mindre grad for seterbyggnaden som ligg lengre unna. Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs veganlegget.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området for råstoffutvinning, har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betydning for barn og unge. Nåvårseterområdet elles er viktig område for friluftsliv, især for lokalbefolkninga. Mange kjem forbi uttaksområdet i bil, men det er lite turfolk på Kyrkjeflata slik området står fram i dag	Grusuttaka og arbeida på vegen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Uttaksområdet legg beslag på areal som har potensiell verdi for friluftslivet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett til for skred eller flaum. Arealet er nytta som lager av tunnelmasse og det kan vere ein viss fare for utglidingar av masse før den stabiliserer seg.	Det er ingen potensiell naturfare som trugar uttaksområdet, og ein vurderer ikkje faren for utglidingar av masse frå masselagringa.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs veganlegget Hesthagen – Smørli- Ekleseter. (bomvegar), og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på bomvegen vil vere avgrensa og av forholdsvis kortvarig karakter, og ikkje skje i den perida det er mest folk i området. Ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. aktiviteten som er knytt til massetaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane skal nyttast til vedlikehald av veganlegget Hesthagen – Smørli- Ekleseter, og verdien av området for råstoffutvinning er i første rekke knytt til at det gjer transporten kort og at ein kan vidareforedle tunnelmasse til nyttbare produkt.	Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er knytt negative konsekvensar av uttaket i forhold til landskapsverdiar naturmiljø og friluftsliv. Ei hytte kan bli særleg utsett for støy/støvflukt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av området for råstoffutvinning, er i første rekke knytt til at det gjer transporten kort og at ein har eit areal der ein kan vidareforedle tunnelmasse til bruk for td. vegformål. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar.

Det er knytt middels negative konsekvensar av uttaket i forhold til landskapsverdiar naturmiljø og friluftsliv, og ei nærliggande hytte kan bli særleg utsett for støy/støvflukt.

Konklusjon:

Sjølv om det samfunnsmessige positive verknadane her ikkje klart overgår dei negative sidene av grusverksemda på Kyrkjeflata, har denne verksemda her gått føre seg over ei lang tidsperiode. Det er vanskeleg å finne tilsvarande område som er mindre konfliktfylte.


Plankontoret vurderer at grusverksemda i område M6 – Kyrkjeflaten - bør kunne fortsette, og tilrår at området blir oppretthalde i planforslaget som område for råstoffutvinning innafor dei grensene uttaket har i planforslaget ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

Da arealet er så vidt stort, meiner plankontoret det vere behov for betre styring av aktiviteten i området enn det ein kan oppnå gjennom kommuneplanen, t.d. bør det kome på plass reglar for driftstid m.o.t. støy frå sortering/knusing/pigging, tiltak mot evt. støvflukt, tiltak som skal setjast i verk/vere på plass ved avslutting av heile eller delar av uttaket. Plankontoret vil derfor tilrå at det i planføresegnene til kommuneplanen, stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan dersom grusverksemda innafor område M6 – Kyrkjeflaten - skal halde fram. Ved ein slik planprosess kan ein også sjå nærare på avgrensing av uttaket.

2.3 M13: Skauta i Visdalen – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	2,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast på Visdalsvegen. Området ligg ved Visdalsvegen om lag 2,3 km nord for Spiterstulen rett ovafor der Breagrove renn saman med Visa. Slik sett kan namnet Skauta vere noko misvisande.



Kartutsnitt frå planforslaget. Området er elles omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M1 – Flyfoto 2017.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller områder som er registrert som viktig naturtypar. Viltkart viser at området er beiteområde for elg og hjort, og det er også vist trekkvegar for desse i overkant av uttaket.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg i skog om lag 1030 moh. Skogen er registrert som uproduktiv (AR5). Det omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og vert nytta som sommarbeite.	Masseuttaket er forholdsvis lite, men vil i liten grad kome i konflikt med reindrift, men både reindriften og landbruket elles, er avhengig av at Visdalsvegen blir vedlikehalde.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Landskapet i Visdalen har landskapsverdiar knytt til vassdrag og landskapsformar ut over det normale. Det går ei høgspenline bak uttaket.	Uttaksområdet ligg inntil veg og er forholdsvis lite, og skogen i området gjer at uttaket er lite synleg. Uttaket ligg nær Visa. Høgspenlina trekk ned.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. På kart over lausmassar, er området vist med tjukt morenedekke. I kommunedelplanen for sand stein og grus frå 1997, er det oppgjeve 30 % sand og 40 % grus. Av flybilde kan ein sjå at arealet der det er teke ut masser omfattar 1 daa av totalarealet på 2,4 daa.	Verdien av grusressursen er knytt til kort transport og at kvaliteten på grusen er tilfredsstillande. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er om lag 8 km til regulert uttaksområde ved Gokra. Samanliknar ein uttaksarealet på flybilde frå 1981 og 2017, kan ein sjå at det truleg ikkje er teke ut grus frå M13 etter at arealet vart lagt inn i kommunedelplanen i 1997.	<i>Liten verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar med kulturhistorisk verdi i masseuttaksområdet eller i nærleiken.	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Det er ikkje bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt. Det er langt til andre masseuttak, og uttaket vil derfor ha verdi når det gjeld å redusere transport og energibruk.	Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Grusuttaket vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere noko stort problem med støy eller støvflukt.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Visdalsvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite, og sjølv uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Visdalen er svært viktig område for friluftsliv, både for lokalbefolkninga og for tilreisande. Visdalsvegen går inn til Spiterstulen. Mange kjem forbi uttaksområdet i bil, men det er noko avgrensa med fotturistar og syklende forbi uttaksstaden.	For tilkomst til fjellet for utøving av friluftsliv, har både lokalbefolkninga og tilreisande nytta av at vegen blir vedlikehalde. Grusuttaka og arbeida på vegen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Uttaksområdet er forholdsvis lite, og legg ikkje beslag større areal for friluftslivet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred og jord- og flaumskred. Kart over dreneringsliner frå InnlandsGIS viser at overvatn frå eit område på 100-500 dekar kan drenere tvers gjennom uttaksområdet.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at flaum eller skred vil medføre fare for tap av liv, personskadar eller tap av større materielle verdier.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Visdalsvegen (bomveg), og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på Visdalsvegen vil vere avgrensa og av forholdsvis kortvarig karakter, og ikkje skje i den perida det er mest turistar i området. Ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. transport knytt til massetaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av Visdalsvegen, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort. Det er stor avstand til alternative lokalitetar som er godkjende for uttak av masse. Samanliknar ein uttaksarealet på flybilde frå 1981 og 2017, kan ein sjå ut til at det ikkje er teke ut grus frå M13 etter at arealet vart lagt inn i kommunedelplanen i 1997. Etter skadar på vegen og generelt behov for opprusting, har vegeigar planar om nye uttak og ønskjer at mogelegheitene for uttak blir oppretthalde.	Uttaksarealet er lite, og 1/3 av massane er allereie teke ut. Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at uttaket ligg sentralt i forhold til transporten ut på veganlegget er kort, og at kvaliteten på grusen er tilfredsstillande. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er knytt negative konsekvensar av uttaket i forhold til landskapsverdiar, naturmiljø og friluftsliv, men uttaksområdet er lite, og ligg noko avskjerma av skog.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> <i>Liten positiv konsekvens</i>
---------------------------	--	--	--

Samla vurdering:

Verdien av uttaket er første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar.

Det er knytt små negative konsekvensar av uttaket knytt til landskapsverdiar og naturmiljø, medan landbruket og friluftslivet har nytte av at vegen blir vedlikehalde.

Uttaksområdet er lite, og på flybilde frå 1981 og 2017 kan det sjå ut til at det ikkje er teke ut grus frå område M13 etter at arealet vart lagt inn i kommunedelplanen for sand, grus og stein i 1997. Etter skadar på vegen og generelt behov for opprusting, har vegeigar planar om nye uttak og ønskjer at mogelegheitene for uttak blir oppretthalde.

Konklusjon:

Uttaket er lite og konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M13 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg.

Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i område M13 – Skauta – blir godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen, og finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M13 som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

2.4 M50: Illmyrbakkjin– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	2,2 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast på vegen Solell-Foss. Konfliktvurdering den gong: Naturlandskap. Er avslutta og tilpenta. Små uttak i framtida.



Kartutsnitt frå planforslaget. Området er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er denne utelete på utskrifta.



M50 – Flyfoto 2015.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfold	Området ligg i snaufjellsområde om lag 1350 moh. Det er i Artsdatabanken registreringar av mogop og fjellkattfot nær inntil uttaket, begge med status LC – livskraftig - i raudlista. Det er hekking av freda rovfugl i dalføret.	Uttaket er forholdsvis lite. Uttaket ligg innafør jaktområde for freda rovfugl, men storleiken på uttaket tilseier at det vil ha små skadeverknader med omsyn til desse artanes jakt- og leveområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar snaumark og ligg om lag 1350 moh, mellom seterområda Sålell (4,3 km) og Foss (1,8 km) Det omfattar ikkje areal som er dyrka/dyrkbart. Området ligg innafør konsesjonsområde for tamreindrift, og er viktig beiteområde for reinen haust og vinter. Det er også kartfesta trekkveg ved uttaksområdet. Dalen er også viktig område for utmarksbeite for storfe, og i beitebruksplan for Lom frå 2007, viser at det vart slept 40 storfe i området ved Foss-setrene.	Masseuttaket er forholdsvis lite, men vil i nokon grad kome i konflikt med reindrift og beite av storfe, men både reindriften og landbruket elles, er avhengig av at den indre del av Meadalsvegen blir vedlikehalde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Landskapet i området er storslått og vakkert, og har landskapsverdiar knytt til fjellandskap med vassdrag, våtmark og landskapsformar ut over det normale. Arealet ligg vest for det området som Riksantikvaren sitt høyringsforslag frå 2021 for sikring av viktig kulturlandskap i Oppland (KULA)	Uttaksområdet ligg inntil veg og er forholdsvis lite, men ligg ope til i dalen og er synleg frå store område.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller nær uttaksområdet.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	På kart over lausmassar, er området vist med elveavsettingar. Arealet ligg på ein grus-ressurs i NGUs kart for grus-ressursar, men er opp-gjeve berre tolka ut frå flyfoto. På flyfoto frå 2015, kan ein sjå at om lag heile arealet er omfatta av grusuttak, og det er lite grusressursar att. Av det som er skrive i kommunedel-planen frå 1997, kan det sjå ut som uttaket nær da var avslutta, men det stemmer dårleg med dei faktiske forhold, da det har vore teke ut grus heilt til no.	Verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort, men det er lite Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er svært langt til næraste godkjende område for råstoffutvinning heilt nede i hovuddalføret ved Garmo eller ved Fossbergom. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt. Det er svært langt til andre massetak ved Garmo eller ved Fossbergom, og uttaket vil derfor ha sin verdi når det gjeld å redusere transport og energibruk.	Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Grusuttaket kan forstyrre reinens bruk av området. Uttak vil skje over ein kort periode, slik at det likevel ikkje vil vere noko stort problem.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald setervegen og vil bli frakta langs denne.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og sjølv uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Området er viktig område for friluftsliv, i sær for lokalbefolkninga.	Grusuttaka og arbeida på vegen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Uttaksområdet er ganske lite, og legg ikkje beslag større areal for friluftsliv. Ulempene er i hovudsak knytt til negativt synsinntrykk og støy.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for jord- og flaumskred.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Trafikktryggleik	Masser frå uttaks-området skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs setervegen (bomveg), og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på setervegen vil vere avgrensa og av forholdsvis kortvarig karakter, og ikkje skje i den perida det er mest folk i området. Ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. aktiviteten som er knytt til uttaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av setervegen, og verdien av uttaket er i første rekke knytt til kort transport. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare. Det så å seie ikkje att ressursar å ta ut i området som er avsett til det i kommuneplanen frå 1998, og som er vidareført i kommuneplanforslaget.	Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at uttaket ligg sentralt, og at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er knytt negative konsekvensar til uttaket i især i forhold til landskapsverdiar, men uttaket er lite i forhold til det store landskapsrommet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Statsforvaltaren har i si uttale til planforslaget sterkt oppmoda kommunen å vurdere kritisk om M50 ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn og vassdragsomsyn, evt. bli omfatta av krav om reguleringsplan. Han viser til at masseuttaket ligg delvis svært eksponert i høg fjell. Det er knytt middels negative konsekvensar av uttaket knytt til landskapsverdiar, og små negative konsekvensar til naturmiljø og friluftsliv. Plankontoret vurderer likevel dei negative konsekvensane av uttaket som forholdsvis små i forhold til det store landskapsrommet og dei store natur- og friluftsområda som ligg kring uttaket.

Verdien av uttaket er første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar.

Konklusjon:


Det så å seie ikkje att ressursar å ta ut i området som er avsett til det i kommuneplanen frå 1998, og som er vidareført i planforslaget som var til 1. gongs ettersyn og høyring. Grusen har heller ikkje den beste kvalitet for vegformål, slik at styret i Meadalsvegen ikkje har ønske om eventuelt å utvide og utarbeide reguleringsplan for uttaksområdet med tanke på framtidige behov for uttak.

Plankontoret vurderer at dei attverande grusressursar i område M50 – Illmyrbakkjen - er små, og rår til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.

2.5 M80: Hovdevegen – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn av motsegn frå Statsforvaltaren og merknadar frå Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	104/17 – Glaamteigen
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,8 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. Området ligg ved Hovdevegen, og i kommunedelplanen er det oppgjeve at det er løyve for uttak av 150 m³/år. Konfliktvurdering den gong: Ikkje mykje att, lite konfliktfylt. Statsforvaltaren har ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av planforslaget reist motsegn mot område M80 pga. konflikt med naturmangfald.



Kartutsnitt frå planforslaget. Området er elles omfatta av faresoner for skred og flaum, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifa.



M80 – Flyfoto 2015.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området ligg i skogs-område om lag 750 moh om lag 40 m frå Glåma. Det er hekking av freda rovfugl i dalføret i nærleiken, og det er dette som gjer at Statsforvaltaren har reist motsegn mot utlegging av område for masseuttak i området. Det er elles ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar. Areal litt lenger ned langs Glåma er kartlagt som viktig naturtype. Viltkart viser at området er beite-område for elg og hjort.	Området for råstoff-utvinning er forholdsvis lite, og det har ikkje skjedd uttak i seinare tid. Arealet ligg innafor 50 m byggegrense mot vassdrag. Uttaket ligg innafor jaktområde for freda rovfugl.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg i skog om lag 750 moh. Skoggrunnen er registrert med middels bonitet (AR5). Arealet omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. Området ligg utafor konsesjonsområde for tamreindrift.	Masseuttaket er i liten grad i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet i Bøverdalen og lia opp langs Glåma og ved Hovdesetrene spesielt, har landskapsverdiar knytt til vassdrag og landskapsformar ut over det normale. Området ligg innafor område i Bøverdalen som er kartlagt med viktig kulturlandskap og er omfatta med omsynssone for dette i kommuneplanen. Med bakgrunn i dette er arealet omfatta av Riksantikvaren sin plan for sikring av viktig kulturlandskap i Oppland (KULA).	Uttaksområdet ligg inntil veg og er forholdsvis lite, og skogen i området gjer at uttaket er lite synleg frå avstand. Nær innpå står uttaket fram som eit lite "sår" i landskapet. Uttaket ligg nær Glåma, med store landskapsverdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller nær uttaksområdet.	Masseuttaket er ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. Synfaring avdekkar at det masse å ta ut i nordre del. Morenedekket i uttaksområdet er av stor mektigheit. Det er usikkert om kvaliteten på massane i søre del som framleis er skogkledd, kan nyttast for bygg og anleggsformål.	Verdien av grusressursen er i utgangspunktet knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Søre delen står att å ta ut, men det er usikker kvalitet på massane her. Det er forholdsvis kort veg til grusressursar av betre kvalitet i regulerte masseuttak i Medalen.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Liten positiv konsekvens (0)</i> Liten positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste seter/fritidsbygning ligg 170 m unna på andre sida av Glåma.	Støy og støvflukt kan medføre problem.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativt omfang
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaket er avsett til vedlikehald av Hovdevegen, og vil bli frakta langs denne.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området opp langs Hovdevegen og Glåma, og vidare opp til og fjellområda ved Hovdesetene har kvalitetar som område for friluftsliv. Området er ein del brukt, især av lokalbefolkninga. Uttaket er lite, og sjølv uttaksområdet har ikkje verdi for friluftsliv eller for barn og unge.	Vidare drift av uttaket, ved opning av det søre området, vil først og fremst påverke friluftslivet ved negative synsinntrykk og støy og støv frå verksemda. Uttak vil skje over ei kort periode, slik at støy-/støvproblema vil vere avgrensa til ei kort periode.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativt omfang
Samfunns-tryggleik	NVEs aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for jord- og flaumskred. Kart over dreneringslinjer frå InnlandsGis viser at bekken i nord drenerer eit areal på over 1000 daa., og aktsemdskart viser flaumsone her.	Heile lia opp mot Hovdesetene er skredutsett. I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at flaum eller skred vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet som skal nyttast til vedlikehald, må bli frakta langs Hovdevegen (bomveg).	Vegen er smal, bratt og trong, og transport av grus kan utgjere ein viss fare – men trafikken er liten.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Det er truleg ikkje att mykje masse å ta ut i nordre del av uttaket., og det er usikkert om kvaliteten på massane i søre del som framleis er skogkledd, kan nyttast for bygg og anleggsformål.	Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at uttaket ligg inntil vegen, og at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar, men det er her forholdsvis kort veg til grusressursar av betre kvalitet i regulerte masseuttak i Medalen. Statsforvaltaren har reist motsegn til uttaket med grunnlag i verdiar knytt til biologisk mangfald.	<i>Liten verdi (+)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
---------------------------	--	--	---

Samla vurdering:

Det er truleg ikkje att mykje masse å ta ut i nordre del av uttaket., og det er usikkert om kvaliteten på massane i søre del som framleis er skogkledd, kan nyttast for bygg og anleggsformål.

Det at det er truleg er lite grus att i uttaket og det er viktige verdiar knytt til biologisk mangfald i nærområdet. Det er her forholdsvis kort veg til grusressursar av betre kvalitet i regulerte masseuttak i Medalen som kan nyttast til vegvedlikehaldet, gjer at plankontoret vil tilrå å ta området ut av planforslaget.


Konklusjon:

Plankontoret rår til å ta område M80 – Hovdevegen – ut av kommuneplanen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.


2.6 M81: Juvasshytta– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	Sameige mellom GID 109/1,109/2, 110/1, 110/2, 110/4, 111/1,125/1, 125/4, 126/1, 126/2, 127/1, 127/3, 127/5, 127/6, 127/11, 128/1, 128/2, 128/8, 129/1 og 129/2.
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	18,0 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og var omfatta av kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997. Arealet er lagt inn i kommuneplanforslaget slik som det ligg i kommunedelplanen frå 1997. Arealet er seinare regulert som *grustak – SG* i reguleringsplan for Galdhøpiggevegen som vart vedteken 05.04.2001. I reguleringsplanen er det oppgjeve at det er høve til uttak av massar til bruk i bygging og vedlikehald av vegen. Vidare at: "Veghaldar skal utarbeide ein plan som viser vidare uttak, istandsetting av området etter uttak, og framdrift. Planen skal leggjast fram for kommunen så snart som råd." I reguleringsplanen er arealet lagt inn med eit areal på berre 6,1 daa. Det er mykje som tydar på at arealet er lagt inn etter flybilde frå 1981, da utstrekkinga av området da kan stemme med avgrensinga som er gjort i reguleringsplanen. Flybilde frå 2002 teke rett etter vedtaket av reguleringsplanen, viser derimot at uttaket strekk seg langt ut over det arealet som er omfatta av område SG i reguleringsplanen. Under er vist flyfoto frå 1981, 2002 og 2020 der avgrensinga av M81 i kommuneplanen frå 1997 og avgrensinga av område SG reguleringsplanen frå 2001 er avlagt.



Kartutsnitt frå kommuneplanforslaget.



Flyfoto 1981: Avgrensinga av M81 frå kommuneplanforslaget/kommunedelplanen frå 1997 og SG frå reguleringsplanen frå 2001.



Flyfoto 2002: Avgrensinga av M81 frå kommuneplanforslaget/kommunedelplanen frå 1997 og SG frå reguleringsplanen frå 2001.



Flyfoto 2020: Avgrensinga av M81 frå kommuneplanforslaget/kommunedelplanen frå 1997 og SG frå reguleringsplanen frå 2001.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området ligg i snaufjellsområde om mellom 1435 og 1465 moh. Det er ingen registreringar i uttaksområdet av truga/sårbare artar og området er ikkje kartlagd som viktig naturtype. Det er hekking av freda rovfugl i dalføret.	Uttaket ligg forholdsvis nær hekkelokalitetar for freda rovfugl. Aktiviteten i grustaket, i tillegg til stor trafikk av bilar på Galdhøpiggevegen, vil kunne forstyrre rovfugl. Grustaket legg beslag på forholdsvis lite areal, slik grustaket i seg sjølv legg beslag på berre ein svært liten del av rovfuglanes jakt- og leveområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg mellom 1435 og 1465 moh. og er i AR5 kartlagt som jorddekt fastmark. Det omfattar ikkje areal som er dyrka/dyrkbart. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og er kartlagt som beiteområde for reinen sommar og haust. Areal kring uttaksområdet, er også viktig beiteområde for sau.	Masseuttaket er forholdsvis lite, men vil i nokon grad kome i konflikt med reindrift og beite av sau, men både reindriften og landbruket elles si utnytting av utmarksressursane er avhengig av at Galdhøpiggevegen blir godt vedlikehalde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Landskapet i område er storslått og vakkert, og har landskapsverdiar knytt til fjellandskap med landskapsformar ut over det normale.	Uttaksområdet ligg ope til i dalsida oppfor Raubergstulen, og er synleg frå store område. Uttaksområdet er lite i det store landskapet.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller nær uttaksområdet.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. På kart over lausmassar, er området vist med tjukt morenedekke. I kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, er det skrive uttak inntil 1000 m ³ til vegen er ferdig.	Føresetnaden i 1997 var at uttaket skulle bli avslutta når opprusting av Galdhøpiggevegen var fullført. Verdien av ressursen er i første rekke knytt til at transport ut på veganlegget er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er langt til næraste godkjende område for råstoffutvinning.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Lite positiv konsekvens

Forureining, energi og klima	Det er ikkje bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt. Det er svært langt til andre godkjende masseuttak, og uttaket vil derfor ha stor verdi når det gjeld å redusere transport og energibruk.	Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Grusuttaket vil ikkje råke bygnad, men kan forstyrre reinens bruk av området. Uttak vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere noko større problem med støy eller støvflukt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs setervegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området frå Raubergstulen opp langs Galdhøpiggevegen til Juvasshytta, er viktig område for friluftsliv, i både for lokalbefolkninga og for tilreisande. Sjølv uttaksområdet er forholdsvis lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Grusuttaka og arbeida på vegen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Uttaksområdet er forholdsvis lite, og legg ikkje beslag større areal for friluftslivet. Ulempene er i hovudsak knytt til negativt synsinntrykk og støy.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett til for skred, flaum eller overvatn.	Ingen verknad.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Galdhøpiggevegen (bomveg), og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på vegen vil vere avgrensa og av forholdsvis kortvarig karakter, og ikkje skje i den perida det er mest folk i området. Ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. aktiviteten som er knytt til uttaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Føresetnaden i 1997 var at uttaket skulle bli avslutta når opprusting av Galdhøpiggevegen var fullført. I reg.planen frå 2001, er det skrive at det er høve til uttak til vegbygging og vegvedlikehald.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til kort transport, som er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Det er knytt negative konsekvensar til uttaket til landskap, friluftsliv og naturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av uttaket er første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Føresetnaden ved godkjenning av kommunedelplanen for sand, stein og grus i 1997, var at uttaket skulle bli avslutta når opprusting av Galdhøpiggevegen var fullført. I reguleringsplanen for Galdhøpiggevegen frå 2001, er det oppgjeve at det er høve til uttak av massar til bruk i bygging og vedlikehald av vegen.

Det er knytt negative konsekvensar av uttaket knytt til landskapsverdiar, friluftsliv og naturmiljø. Plankontoret vurderer likevel dei negative konsekvensane av uttaket som forholdsvis små i forhold til det store landskapsrommet og dei store natur- og friluftsområda som ligg kring uttaket, slik at ulempene er vurdert å vere til å leve med i forhold til nytteverdien av uttaket. Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.

Statsforvaltaren har i si uttale til planforslaget sterkt oppmoda kommunen å vurdere kritisk om M81 ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn og evt. omfattast av krav om reguleringsplan. Han viser til at masseuttaket ligg delvis svært eksponert i høg fjell.

Konklusjon:


I og med at føresetnaden ved godkjenning av kommunedelplanen for sand, stein og grus i 1997, var at uttaket skulle bli avslutta når opprusting av Galdhøpiggevegen var fullført, og at det ved reguleringsplanen for Galdhøpiggevegen frå 2001, er skrive at: "Veghaldar skal utarbeide ein plan som viser vidare uttak, istandsetting av området etter uttak, og framdrift. Planen skal leggjast fram for kommunen så snart som råd.", vil det vere naturleg at det blir sett krav om utarbeiding av reguleringsplan om uttaket i område M81 skal halde fram.

Området er dels omfatta av reguleringsplan, og plankontoret vurderer at det er fordelaktig at det kan nyttast grusressursar med kort transport for vedlikehald av Galdhøpiggevegen. Plankontoret tilrår at ein opprettheld forslaget om utlegging av areal for råstoffutvinning M81 – Juvasshytta - med same areal som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. I planføresegnene til kommuneplanen må det bli stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for M81 – Juvasshytta - dersom uttaket skal halde fram.


2.7 M87: Åslia i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	81/6 – Blekstad
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	2,8 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0,0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av Åslivegen. Konfliktvurdering den gong: Lite konfliktfylt, del av veganlegget.



Kartutsnitt frå planforslaget. Skred og flaumsonar omfattar ikkje M87, og er utelete på utskriftinga for betre lesbarheit.



M87 – Flyfoto 2015.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg på det næraste 75 m frå villreinens leveområde (Ottadals-planen) vest for Nordre Sagelvi. Det er elles ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller viktige naturtypar.	Uttaket er lite, slik at sjølve arealinngrepet slik sett vil ha små direkte skadeverknader, men aktivitet i uttaket og støy kan forstyrre reinen. Arealet ligg innafor 50 m byggegrense mot Nordre Sagelvi, og det er uheldig med inngrep så nær elva.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg mellom 824-835 moh. Arealet omfattar skoggrunn av låg bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg om lag 1 km nedfor skoggrensa og grensa for Ottadalen landskapsvernområde. Landskapet ligg nær Nordre Sagelvi og snaufjellområde, og det er landskapsverdiar knytt til området.	Uttaksområdet er lite, og ligg noko skjerma av skog. Landskapsinngrep ved uttak vil likevel bli synlege frå snaufjells-områda vest for Sagelvi. Det er uheldig med inngrep så nær Sagelvi.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grus-ressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar, er området vist med tynt morenedekking og dels område med bart fjell. Gardbrukarane kan i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	På flybilde frå 2015 og 2020 ser ein at området i skogkledd, og at det ikkje er teke ut grus. Ressursen skal dekkje vedlikehald på Åslivegen. Uttaksområdet er lite, og verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på setervegen er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i M87 eller i nærleiken.	Masseuttak vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av Åslivegen og vil bli frakta langs denne vegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Massetak og grusbehandling vil kunne medføre støy og støvflukt mot omgjevnaden. Det er ingen bygnad i nærleiken, men reinen kan vere sårbar for støy og støv frå anlegget.	Grusuttak vil skje over ein kort periode, slik at problem med støy og støv vil vere avgrensa. Kort transport av masser ut på veg-anlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet ligg i område som brukt til mykje til friluftsliv av i sær av lokalbefolkninga. Om vinteren blir det preparert skiløype på vegen – Åslirunda.	Sjølv om grusuttak vil skje over ein kort periode og omfatte eit lite areal, vil bruken for friluftsliv og som turområde, bli negativt påverka mest på grunn av at naturopplevinga og landskapsopplevinga vil bli noko forringa.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje er utsett for skred og berre marginalt omfatta av for flaumsone langs Sagelvi.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at flaum eller skred vil medføre personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veg-anlegget og transporten vil skje langs Åslivegen, og ikkje på offentleg veg.	Massetransporten på Åslivegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Åslivegen verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort. På flybilde frå 2015 og 2020 ser ein at området i skogkledd, og at det ikkje er teke ut grus.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til kort transport ut på vegen. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Uttaket har negative konsekvensar, især knytt til naturmiljø og landskap.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Det er elles knytt negative konsekvensar til uttaket især i forhold til naturmiljø/naturmangfald og landskap, men også til at området er viktig for friluftsliv.

Konklusjon:


Uttaksområdet er lite og det er ikkje nytta. Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M87 – Åslia - har større samfunnsmessige negative konsekvensar enn fordelane det fører med seg.

Plankontoret rår til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.


2.8 M88: Vesløygarden i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	185/1 -Vårdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,3 daa
Dyrka mark/dyrkbare jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv. Konfliktvurdering den gong: Nær fråflytta bruk. I skogsterreng, ikkje innsyn. Lite konfliktfylt.



Kartutsnitt frå planforslaget. Grøn skravering viser viktig naturtype. Område M88 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M88 Flyfoto 2020

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdifull natur. Aust for bygnaden på Vesløygarden er arealet registrert som viktig naturtype – naturbeitemark. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar tidlegare skoggrunn av middels bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg nær bruket Vesløygarden (60-100 m). Bruket vart nedlagt som på slutten av 60-talet, og husa blir brukt som fritidsbustad, mens innmarka er bortleigd. Det er mange kulturminneverdiar her. Det er gamal bygnad, og dyrka areal viser spor etter gamle driftsformer med åkerreiner og spor etter vatningsanlegg med opne veitar.	Uttaksområdet er lite, og det ligg avskjerma av skog, slik at det er lite innsyn. Landskapsverknaden blir vurdert som negativ pga. lokaliseringa nær Vesløygarden med kulturminneverdiar og viktig naturtype (naturbeitemark).	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grusressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar er området vist med grunt morenedekke. Uttaket er ikkje nytta i særleg grad, noko som kan tilseie at uttaket har liten verdi/har grus av dårleg kvalitet. Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Køyreavstanden ned til M89 er om lag 1,5 km.	I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv, og det gjer at transporten vert kort. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminneverdiar i eller heilt inntil uttaket. På bruket Vesløygarden som ligg på nedsida av Jotvegen i avstand 60-100 m unna, er det bygningar som ligg i SEFRAK-registeret, fleire med meldeplikt. Dyrkamarka på Vesløygarden har spor etter gamle driftsformer med åkerreiner og spor etter vatningsanlegg med opne veitar.	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne og kulturmiljø, men lokaliseringa nær Vesløygarden gjer at kulturverdiar likevel kan bli påverka.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Uttaksområdet ligg avskjerma av skog, men ganske nær våningshuset på Vesløygarden (80 m). Bruket er brukt som fritidsbustad, og kan bli utsett for støy og støvflukt frå aktivitet i uttaket.	Grusuttaket i området vil bli forholdsvis små, og vil skje over ein kort periode, slik at problem med støy eller støvflukt mot Vesløygarden vil vere avgrensa. Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen.	Massetransporten på Jotvegen vil vere av kortvarig karakter. Det er elles ikkje knyta særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Grusuttaka vil vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred.	Uttaka vil skje over ein kort periode, og det er lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på Jotvegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyrnes-haugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Uttaket er ikkje nytta i særleg grad, noko som kan tilseie at uttaket har liten verdi/har grus av dårleg kvalitet. Uttaket ligg nær Vesløygarden med verdier knytt til kulturminne, natur og landskap.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
---------------------------	--	---	--

Samla vurdering:

Massane skal nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyrnes-haugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at transporten vil bli kort.

Uttaket ligg nær bruket Vesløygarden med kulturverdiar, naturverdiar og landskapsverdiar, noko som gjer at uttaket er vurdert med negative konsekvensar på desse punkta. Bruket er brukt som fritidsbustad, og kan bli utsett for støy og støvflukt frå aktivitet i uttaket.

Konklusjon:


Uttaksområdet er lite og er ikkje nytta i særleg grad. Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M88 – Vesløygarden - har større samfunnsmessig negative konsekvensar enn fordelane det fører med seg.

Plankontoret rår til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.

2.9 M89: Barhaugen i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	185/1 -Vårdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,8 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv. Konfliktvurdering den gong: Godt gjømt. Lite uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område M54 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M89 Flyfoto 2020

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar tidlegare skoggrunn av middels bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg ikkje i landskap som har nokon verdi ut over det normale.	Uttaksområdet er lite, ligg godt avskjerma og vil ikkje vere synlege frå bygnad eller offentleg veg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grus-ressurs i NGUs kart for grus- og puk-ressursar. På kart over lausmassar er området vist med grunt morene-dekkje. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv, og har slik sett lokal betyding ved at det medfører kort transport.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i masseuttaksområdet eller i nærleiken.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Uttaksområdet ligg svært godt avskjerma av terreng-formasjonar og i god avstand frå fast busetnad og fritidsbustadar.	Grusuttaka er små, og vil skje over ein kort periode, og uttak og grusbehandling vil ikkje medføre problem med støy eller støv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi friluftsliv eller område som har betydning for barn og unge.	Grusuttaka er små, og vil skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. Kart over dreneringslinjer frå Innlandsgis viser at vatn kan drenere ned langs Jotvegen, og nedslagsområdet er rekna til 100-500 dekar.	Uttaka vil skje over ein kort periode, og det er lite sannsyn for at skred og flaum vil medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdier.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen og ikkje skje på offentlig veg.	Massetransporten på Jotvegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk.	Uttaket har lokal verdi, og det er knytt svært få negative sider til M89.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Massane skal nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at transporten er kort. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.

Konklusjon:


Uttaket er lite og konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M89 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg.

Plankontoret vurderer at ressursar og verdier i område M89 – Barhaugen i Lia - blir godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen, og finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M89 som ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn.

2.10 M90: Jota i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	20/1 – Grønen
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,0 daa
Dyrka mark/dyrkbare jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv. Konfliktvurdering den gong: Godt gøymt. Lite uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område M90 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M90 – Flyfoto 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar skoggrunn av middels bonitet og høg bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. Areal på nedsida av vegen er kartlagt som dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg forholdsvis nær bruket Jota nordre og elva Grøna. Bruket er nedlagt, og husa blir brukt som fritidsbustad, mens innmarka er bortleigd. Det er kulturminne-verdiar her knytt til gamal bygnad og vassveg. Landskapet med gardsbygnad i aust og elva Grøna i vest, har landskapsverdiar ut over det normale.	Uttaksområdet er lite, og det ligg avskjerma av skog, slik at det ikkje er direkte innsyn frå Jota. Landskapsverknaden blir vurdert som noko negativ pga. lokaliseringa forholdsvis nær Jota og Grøna elv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grusressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar er området vist med tynt morenedekke.	Verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på vegent er kort. Gardbrukarane i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminneverdiar i eller heilt inntil uttaket. På bruket Jota nordre som ligg på nedsida av Jotvegen, er det bygningar som ligg i SEFRAK-registeret, fleire med meldeplikt i avstand 200 m unna. Ein gamal vassveg som er i bruk, ligg aust og sør for området.	Masseuttaket vil ikkje kome i særleg konflikt med kulturminne og kulturmiljø, da det er god avstand til Jota og vassvegen.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Uttaksområdet ligg avskjerma av skog, men ganske bygnad på Jota nordre og søre (minste avstand 200 m), og desse kan bli utsett for støy frå aktivitet i uttaket.	Grusuttaket i området vil bli forholdsvis små, og vil skje over ein kort periode, slik at problem med støy eller støvflukt mot bygnaden på Jota vil vere avgrensa. Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Grusuttaka vil vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for jord- og flaumskred.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen og ikkje skje på offentlig veg.	Massetransporten på Jotvegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Det er elles knytt mindre negative konsekvensar til uttaket i forhold til naturmiljø og landskap.

Konklusjon:


Uttaket er lite, og skal nyttast til vedlikehald av vegen. Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M90 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg.

Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i område M90 – Jota i Lia - bli godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen, og ein finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M90 som ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn.


2.11 M91: Liasetra – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	0/0 – Sameige
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	4,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	3,3 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Risbråtet-Liasetrene. Konfliktvurdering den gong: Kulturlandskap, raviner, men lite uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område M91 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M91 – Flyfoto 2015.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Øvre del av området ligg innafør villreinens leveområde (Ottadalsplanen). I naturbase er det registreringar av jerv og gaupe nær området. Det er elles ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/ sårbare artar eller viktige naturtypar. Området ligg mellom elvene Nordre og Søre Grøna, om lag 0,7 km nedfor grensa til Ottadalen landskapsvernområde.	Uttaket er lite, og ligg heilt i utkanten av villreinens leveområde. Sjølve arealinngrepet vil slik sett ha små direkte skadeverknader, men aktivitet i uttaket og støy kan forstyrre reinen. Arealet ligg innafør 50 m byggegrense mot både Nordre og Søre Grøna.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Området ligg i seterområde mellom 947-961 moh, og er i jordregisteret kartlagt som anna jorddekt fastmark. 3,3 daa av det 4,4 daa store arealet er kartlagt som dyrkbart.	Masseuttak er i konflikt med dyrkbar jord og i nokon grad med utmarksbeite.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Området ligg over skoggrensa mellom elvene Nordre og Søre Grøna, om lag 0,7 km nedfor grensa til Ottadalen landskapsvernområde. På Liasetrene som omkransar området, er det dels eldre seterbygning med fleire bygningar registrert i SEFRAK-registeret. Landskapet har landskapsverdiar ut over det normale.	Uttaksområdet er lite, men ligg ope til. Landskapsinngrep vil vere godt synleg frå dei øvre Liasetrene og frå lengre avstand.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grusressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar, er området vist med tjukt morenedekke, dels som område med bart fjell. Det er ikkje registrert grunnvassbrunnar.	Det er berre teke ut små mengder grus i området, og ressursen skal dekkje vedlikehald på Liasetervegen. Uttaksområdet er lite, og verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på setervegen er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne i masseuttaksområdet eller i nærleiken. På Liasetrene som omkransar området, er det eldre seterbygnad med fleire bygningar registrert i SEFRAK-registeret, fleire med meldeplikt.	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Seterbygnad og fritidsbygnad i nærleiken, kan bli utsett for støy eller støvflukt. Villreinen vil også vere sårbar for støy og støvflukt frå anlegget.	Grusuttak vil skje over ein kort periode, slik at problem med støy og støvflukt vil vere avgrensa. Kort transport av masser ut på veg-anlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Liasetervegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet ligg i område som er mykje brukt til friluftsliv både av lokalbefolkninga, og av hyttefolk i Blåfuruhaugen hytteområde. Den delen av området der det er teke ut grus, blir nytta for parkering av turfolk og jegerar.	Sjølv om grusuttak vil skje over ein kort periode og omfatte eit lite areal, vil bruken for friluftsliv og som turområde, bli negativt påverka mest på grunn av at naturopplevinga og landskapsopplevinga vil bli forringa.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for flaum frå , Søre Grøna, der det også kan gå jord- og flaumskred.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Liasetervegen, og ikkje skje på offentlig veg.	Massetransporten på Liasetervegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Liasetervegen, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Uttaket har negative konsekvensar på områder som naturmiljø/ naturmangfald, landbruk, landskap og bruk av området som turområde og for friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang</i> <i>(--)</i> Liten negativ konsekvens
---------------------------	---	---	---

Samla vurdering:

Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte egne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.

Det er elles knytt middels negative konsekvensar til uttaket i forhold til naturmiljø/ naturmangfald, landbruk, landskap og bruk av området som turområde og for friluftsliv.

Statsforvaltaren har i si uttale til planforslaget sterkt oppmoda kommunen å vurdere kritisk om M91 ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn og vassdragsomsyn evt. omfattast av krav om reguleringsplan. Han viser til at masseuttaket ligg delvis svært eksponert i høgfjell og delvis nær vassdrag.

Konklusjon:


Uttaksområdet er lite og er ikkje nytta i særleg grad. Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M91 – Liasetrene - har større negative samfunnsmessige konsekvensar enn fordelane det fører med seg.

Plankontoret vurderer at ressursar og verdier i område M91 – Liasetrene - er små i forhold til dei negative konsekvensar eit masseuttak her medfører, og rår til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.

2.12 M92: Kvammen i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	91/1 – Barlund og 92/1 Stasviken nedre
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,5 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0,0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Måsåmyrbakken-Kvammen. Konfliktvurdering den gong: Avskjere område mot råk. Elles lite konfliktfylt.



Kartutsnitt frå planforslaget. Skred og flaumsonar omfattar ikkje M92, og er utelete, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M92 – Flyfoto 2015.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg om lag 300 m nedfor skoggrensa, og på det næraste 40 m frå villreinens leve-område (Ottadals-planen). Det er elles ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/ sårbare artar eller viktige naturtypar.	Uttaket er lite, slik at sjølve arealinngrepet slik sett vil ha små direkte skadeverknader, men aktivitet i uttaket og støy kan forstyrre reinen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg mellom 870-880 moh. Arealet omfattar skoggrunn av låg bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg om lag 300 m nedfor skoggrensa, og på det næraste 330 m frå grensa for Ottadalen landskapsvernområde. Landskapet kring uttaksområdet, har ikkje landskapsverdiar ut over det normale.	Uttaksområdet er lite, og ligg skjerma av skog. Landskapsinngrepa ikkje særleg synlege før du kjem heilt innpå.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grusressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar, er området vist med tynt morenedekke. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	På flybilde frå 2015 ser ein at området i hovudsak er avskoga, og at det er teke ut grus i mesteparten av området. Ressursen skal dekkje vedlikehald på Kvamsvegen. Uttaksområdet er lite, og verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på setervegen er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne i masseuttaksområdet eller i nærleiken. På Kvammen, er det registreringar i SEFRAK-registeret, ein med meldeplikt, tre registrert som ruin.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Seterbygning i nærleiken, kan bli utsett for støy eller støvflukt. Villreinen vil også vere sårbar for støy frå anlegget.	Grusuttak vil skje over ein kort periode, slik at problem med støy og støvflukt vil vere avgrensa. Kort transport av masser ut på veg-anlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Kvamsvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet ligg i område som brukt til friluftsliv av i sær av lokalbefolkninga. Det går ein turstig tett ved uttaksområdet.	Sjølv om grusuttak vil skje over ein kort periode og omfatte eit lite areal, vil bruken for friluftsliv og som turområde, bli negativt påverka mest på grunn av at naturopplevinga og landskapsopplevinga vil bli noko forringa.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett til for skred. På kart frå InnlandsGIS er det vist ei dreneringsline gjennom uttaket, som er rekna til å drenere eit areal på 10-20 dekar.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at overvatn vil medføre personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Kvamsvegen, og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på Kvamsvegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Kvamsvegen, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Uttaket har forholdsvis små negative konsekvensar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Flybilde frå 2015, kan tyde på at det no truleg ikkje er massar att å ta ut i området.

Det er elles knytt små negative konsekvensar til uttaket i forhold til naturmiljø/naturmangfald, landskap, støy og bruk av området som turområde og for friluftsliv.

Konklusjon:

Uttaket er lite og konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M92 har større samfunnsmessige positive konsekvens enn ulempene det fører med seg.


Plankontoret vurderer at ressursar og verdier i område M92 – Kvammen i Lia - bli godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen, og ein finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M92 med tilsvarande avgrensing som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

Dersom det blir ønske/behov for å utvide uttaksområdet, må det evt. skje ved at det blir utarbeidd reguleringsplan for området.

2.13 M93: Vamba i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	97/1 – Vamsæter
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	2,6 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv. Konfliktvurdering den gong: Eksponert, men ikkje store uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område M93 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M93 – Flyfoto 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar skoggrunn av middels bonitet og høg bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet har ikkje landskapsverdiar ut over det normale.	Uttaksområdet er lite, men ligg forhaldsvis ope til når ein kjem nær innpå. Uttaket er ikkje synleg frå bygnad eller offentleg veg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grusressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar er området vist med tynt morenedekkkje. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	Uttaksområdet er lite, og verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i masseuttaksområdet eller i nærleiken.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt.	Grusuttaket langt frå bygnad, og vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere problem med støy eller støvflukt. Kort transport av masser ut på veg-anlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Grusuttaka vil vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred, jord- og flaumskred.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på Jotvegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyerneshaugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Det er elles knytt mindre negative konsekvensar til uttaket i forhold til naturmiljø og landskap.

Konklusjon:


Uttaket er lite og konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M93 har større samfunnsmessige positive konsekvens enn ulempene det fører med seg.

Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i område M93 – Vamba i Lia - blir godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen, og ein finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M93 som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

2.14 M94: Botten i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	103/2 – Botn nordre
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	2,4 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast for vedlikehald av veganlegget Nyrneshaugen – Grøna elv. Konfliktvurdering den gong: Ikkje mykje att. Ta ut av planen.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område M94 er elles omfatta av faresone for snøskred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



M94 Flyfoto 2020

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar skoggrunn av middels bonitet og høg bonitet, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i liten grad kome i konflikt med skogbruk, men arealet er så lite at dette ikkje har nokon økonomisk betyding	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg ikkje i landskap som har nokon verdi ut over det normale.	Uttaksområdet er lite, ligg godt avskjerma og vil ikkje vere synlege frå bygnad eller offentlig veg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som grus-ressurs i NGUs kart og grus- og pukkressursar. På kart over lausmassar er området vist med tjukt morenedekkeje. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	Verdien av grus-ressursen vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Uttaket er skogkledd og ser ikkje ut til å vere nytta i seinare tid, og i kommunedelplanen skrive at det er lite grus att, og at ein kan ta det ut av planen.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i masseuttaksområdet eller i nærleiken.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt.	Grusuttaket langt frå bygnad, og vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere problem med støy eller støvflukt. Kort transport av masser ut på veg-anlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi friluftsliv eller område som har betydning for barn og unge.	Grusuttaka vil vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred.	Det er lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Jotvegen og ikkje skje på offentlig veg.	Massetransporten på Jotvegen vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av veganlegget Nyerneshaugen – Grøna elv, og verdien av uttaket er i første rekke at det gjer transporten kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Lang frakt har også negative sider i forhold til utslepp av klimagassar og energibruk.	Verdien av uttaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Uttaket er skogkledd og ser ikkje ut til å vere nytta i seinare tid, og i kommunedelplanen skrive at det er lite grus att, og at ein kan ta det ut av planen.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samla vurdering:

Uttaket er skogkledd og ser ikkje ut til å vere nytta i seinare tid, og i kommunedelplanen skrive at det er lite grus att, og at ein kan ta det ut av planen..

Det er elles få negative konsekvensar knytt til uttaket.

Konklusjon:

Plankontoret vurderer at dei attverande grusressursar i område M94 – Botn i Lia - er små, og rår til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentlig høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.


2.15 M99: Omundjordet i Meadalen – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn av motsegn frå Statsforvaltaren og merknadar frå Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	35/1 – Blakar og 26/1 - Graffer
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	6,0 daa + 8,1 daa = 14,1 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa


Områda M99 er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen frå 1997 er det oppgjeve at området er nytt og at massane skal nyttast for vedlikehald av Meadalsvegen. Konfliktvurdering den gong: I skog. Del av veganlegget. Statsforvaltaren har ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av planforslaget reist motsegn mot område M99 pga. konflikt med naturmangfald.

Flybilde frå 1981, 2002 og 2020 viser at det har skjedd masseuttak gjennom ei årrekkje på naboteigen i aust til GID 26/1-Graffer. Dette området har også vore nytta som riggområde i samband med kraftutbygging i Vulu dei siste åra, jf. flybilde frå 2020 teke inn under. Det er lite massar att i det eksisterande uttaket, men moreneryggen som er nytta som masseuttak her strekk seg altså inn på naboteigen som da er omfatta av område M99.

Da det vil vere tenleg å nytte arealet i det eksisterande uttaket som område for grusbehandling for område M99, foreslår kommunen å utvide massetaksområdet til også å omfatte arealet som tidlegare er nytta som uttaksområde og riggområde på GID 26/1. Det vil også vere naturleg å utnytte dei attverande grusressursane her som grensar nye uttaket, og drive desse i samanheng. Det er da det samla arealet som da er omfatta av konsekvensutgreiinga av området for råstoffutvinning under.



Kartutsnitt frå revidert planforslag.



Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Det er hekkelokalitet for freda rovfugl som ligg om lag 1 km unna uttaksområdet som dannar grunnlaget for Statsforvaltaren si motsegn mot uttaket. Det er elles ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Hekkelokaliteten for freda rovfugl ligg om lag 1 km unna, og anleggsområdet og inntaket for Graffer kraftverk ligg mellom denne og M99. Grusuttak for vedlikehald av vegen, vil skje over ein kort periode, og ein vurderer at det vil ha avgrensa skadeverknader med omsyn til hekkeområde for rovfugl og andre miljøverdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Området er vist som skoggrunn av låg bonitet (5,7 daa), middels bonitet (2,1 daa) og jorddekt fastmark (6,3 daa) i jordregisteret (AR5), og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i nokon grad kome i konflikt med bruk av arealet for skogproduksjon, men arealet er så lite og av liten økonomisk betydning. Landbruket har stor nytte av kort transport av massar for vedlikehald av setervegen.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positiv konsekvens (++)</i> Liten positiv konsekvens

Landskap	Landskapet har ikkje landskapsverdiar ut over det normale. Området ligg inntil veganlegget, og er elles forholdsvis godt avskjerma av terrengformasjonar og skog.	Uttaksområdet er forholdsvis lite, og ligg inntil veganlegget. Uttaket er omgjeve av skog og er lite synleg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	På kart over lausmassar er området vist med tjukt morenedekke. Arealet i nord er registrert som massetak og grusressurs med usikker avgrensing i NGUs kart over grusressursar. I databladet står det at førekomsten består av morenemateriale der det tidlegare er teke ut masse frå ein ryggform, og at mektigheit på stoffen var ca. 5 meter. Massane må knusast/ sorterast før nytting på veganlegget	Verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. I den nordre del er massane teke ut, men det vil vere tenleg å nytte dette for grusbehandling og lagring av massar for uttak i den søre del av førekomsten. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller eldre bygningar i masseuttaksområdet eller i nærleiken.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste seterbygnad ligg om lag 200 m og 500 m frå uttaksområdet, men terrenget vil i stor grad skjerme av for støy.	Grusuttaket ligg i forholdsvis god avstand frå bygnad, og verksemda vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere større problem med støy eller støvflukt. Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Meadalsvegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Grusuttaka vil vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett for skred. Det går ein bekk inntil det eksisterande uttaksområdet i nord som kan utgjere flaumfare/problem med overvatn. Delar av uttaket er derfor vist i aktsemdssone for flaum. På kart over dreneringsliner frå InnlandsGis er det berekna at vatn frå eit areal på 500 – 1000 dekar kan drenere ut langs dette bekket. Det er på kartet også vist at vatn kan drenere ned langs Meadalsvegen ved ein flaumsituasjon.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at flaum/overvassflaum vil medføre personskeidar eller tap av større materielle verdiar. Ny masseuttak på arealet i sør, vil ikkje medføre at flaum eller skredfare aukar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs Meadalsvegen og ikkje skje på offentleg veg.	Massetransporten på Meadalsvegen, og vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane skal nyttast til vedlikehald av veganlegget Meadalsvegen, og verdien av uttaket er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte egne maskinar for frakt ut på veganlegget og i uttaket, noko som gjer vegvedlikehaldet rimelegare.	Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Det er lite massar att å ta ut i det eksisterande uttaket på grunn til Graffer, slik at interessene knytt til uttak for vedlikehald av Meadalsvegen, i hovudsak er knytt til å nytte grusressursen som ligg i kommunedelplanen frå 1998 som strekk seg vidare sørover inn på teig til Blakar. Verdien av massetaket vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Massane må knusast for bruk til vegføremål, men gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen elles i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vedlikehaldet rimelegare. Lokaliseringa gjer området god eigna til uttak, behandling og lagring av massar.

Det er hekkelokalitet for freda rovfugl som dannar grunnlaget for Statsforvaltaren si motsegn mot uttaket. Hekkelokaliteten for freda rovfugl ligg om lag 1 km unna, og anleggsområdet og inntaket for Graffer kraftverk ligg mellom denne og M99. Grusuttak for vedlikehald av vegen, vil skje over ein kort periode, og plankontoret vurderer at uttaket vil ha avgrensa skadeverknader med omsyn til hekkeområde for rovfugl og andre miljøverdiar. For å ta omsyn til hekking av rovfugl, er det aktuelt å avgrense aktiviteten i uttaket i perioden februar til ut juni. Det er især naudsynt å avgrense aktiviteten til ikkje å omfatte knusing av masse og pigging i denne perioden.

Det er elles knytt små negative konsekvensar til uttaket i forhold landskapsverdiar.

Konklusjon:

Området for nye uttak av massar er forholdsvis små (om lag 8 daa), og konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M99 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg.


Plankontoret vil foreslå å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M99 ved nytt offentleg høyring og ettersyn av planen. Ein føreslår å ei endra utforming av området på plankartet i forhold til arealet som var utlagt ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn, slik at dette også omfattar eksisterande uttaksområde/område for massebehandling i nord på teig til Graffer, da dette vil vere tenleg for å utnytte ressursen på ein best mogeleg måte. Uttaksområdet og lagrings-/behandlingsområdet, vil da til saman omfatte 14,1 dekar.

Plankontoret tilrår at område M99 – Omundjordet i Meadalen – blir vidareført som område for råstoffutvinning som ein del av kommuneplanforslaget, men at det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan. I reguleringsplanen må det bli gjeve planføresegner til drifta av uttaket i for å regulere driftstider for uttak og grusbehandling, og dessutan få fastsett reglar om avslutting av uttaket og istandsetting/tilpassing av området etter inngrepet. Med omsyn til regulering av driftstider, vil det da i sær vere aktuelt å avgrense aktiviteten til ikkje å omfatte knusing av masse og pigging i perioden februar – juni av omsyn til hekkande rovfugl.

2.16 M100: Tavelflye i Smådalen– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	155/1 – Leir- og Bøverdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	0,4 daa + 0,3 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane skal nyttast til vedlikehald av Smådalsvegen. Konfliktvurdering den gong: Lite uttak. Smådalsvegen har berre status som traktorveg. Vegen er viktig for jordbrukstransport i tilknytning til Smådalssetrene, og det er år om anna behov for ein viss grad av vedlikehald. Uttaksområdet i kommunedelplanen er lite, berre 0,4 daa.



Kartutsnitt frå planforslaget. Ruta skravering er områda som er verna som Smådalen naturreservat. Området er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er denne utelete på utskrifta.



M100 – Flyfoto 2017. Ruta skravering er områda som er verna som Smådalen naturreservat.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området ligg i snau-fjellsområde som ligg om lag 1095 moh. Området ligg på det næraste 25 m frå grensa til Smådalen naturreservat. Det er i Artsdatabanken registreringar av biotopar for bergand (VU -sårbar) og svømmesnipe (LC - livskraftig) som går ut over grensene for verneområdet, og som omfattar M100. Det er elles hekking av freda rovfugl i dalføret.	Uttaket er svært lite. Uttaket ligg innafor leveområde raudlista artar av vassfugl og freda rovfugl, men storleiken på uttaket og uttaksintervall, tilseier at uttaket vil ha små skadeverknader med omsyn til desse artane.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar snaumark som ligg om lag 1095 moh, 1,5 km vest for Smådalssætrin. Arealressurskart (AR5) omfattar ikkje arealet. Området ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift, og er viktig beiteområde for reinen vår og sommer. Det er også kartfesta trekkveg like ved uttaksområdet. Dalen er også viktig område for utmarksbeite for storfe, og i beitebruksplan for Lom frå 2007, viser at det vart slept 70 storfe i Smådalen.	Masseuttaket er svært lite. Storleiken på uttaket og uttaksintervall, tilseier at uttaket vil ha små skadeverknader med omsyn til reindrift og beite av storfe. Både landbruket og reindriften, er avhengig av at Smådalsvegen blir vedlikehalde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Landskapet i område er storslått og vakkert, og har landskapsverdiar knytt til fjellandskap med vassdrag, våtmark og landskapsformar ut over det normale. Arealet ligg innafor det området som Riksantikvaren i 2021 har føreslege for sikring av viktig kulturlandskap i Oppland (KULA).	Uttaksområdet ligg inntil Smådalsvegen og er svært lite. Området ligg ope til i dalen og kan slik sett vere synleg frå store område. Lokaliseringa inntil vegen, og den beskjedene storleiken (0,4 daa) gjer likevel at terrenginngrepet ikkje blir vurdert å ha skadeverknadar for landskapsopplevinga.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller heilt nær uttaksområdet. Fangstanlegg som er freda kulturminne, er registrert 170 m lenger opp i lia. Arealet ligg innafor det området som Riks-antikvaren i 2021 har føreslege for sikring av viktig kulturlandskap i Oppland (KULA).	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med freda kulturminne eller kulturmiljø. Lokaliseringa inntil vegen, og den beskjedene storleiken av uttaksområdet (0,4 daa) gjer likevel at terrenginngrepet ikkje blir vurdert å ha skadeverknadar for sikring som KULA-område.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. Grusen er av slik kvalitet at den kan nyttast på vegen utan knusing, og blir brukt til å tette hol og for reparasjonar. Uttaksområdet som ligg i kommunedelplanen frå 1998 er svært lite (0,4 daa), og det er lite grus att. Seterbruket har ønske om å utvide uttaksområdet for å dekkje framtidige behov.	Verdien av grusressursen er i første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Grus er kostbart å frakte over lange avstandar. Det er svært langt til andre område for råstoffutvinning. Seterbruket kan utnytte eigne maskinar for frakt ut på vegen og i uttaket, noko som gjer vegvedlikehaldet rimelegare.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Liten positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Det er ikkje bygnad i nærleiken som kan bli utsett for støy eller støvflukt. Det er svært langt til andre godkjende masseuttak, og uttaket vil derfor ha stor verdi når det gjeld å redusere transport og energibruk.	Kort transport av masser ut på veganlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Da uttaka er små, og det er lange intervall mellom uttaka, er det vurdert at uttaket i svært liten grad vil uroe for tamreinens bruk av området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og sjølve uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv. Smådalen er attraktivt som friluftsområde, men det er lite ønskeleg med tilrettelegging og auka trafikk pga. verneomsyn.	Grusuttaka vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Uttaksområdet er ganske lite, og legg ikkje beslag større areal for friluftsliv. Ulempene er i hovudsak knytt til negativt synsinntrykk.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veganlegget og vil bli frakta langs setervegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for jord- og flaumskred og snøskred. Nedre del ligg innafor aktsemds-område for flaum.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet skal nyttast til vedlikehald av veg og vil bli frakta langs traktorvegen (bomveg).	Verksemda har ikkje verknadar med omsyn til trafikktryggleik.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane nyttast til vedlikehald av setervegen, og verdien av uttaket er i første rekke knytt til kort transport. Det er svært stor avstand til alternative lokalitetar som er godkjende for uttak av masse. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad utnytte eigne maskinar for frakt ut på veg-anlegget og i uttaket, noko som mogeleggjær vegvedlikehaldet.	Verdien av uttaket er i første rekke knytt til at uttaket ligg sentralt, og at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Lokaliseringa inntil vegen, og den beskjedene storleiken av uttaksområdet (0,4 daa) gjer at terrenginngrepet blir vurdert å ha små skadeverknadar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens


Samla vurdering:

Verdien av uttaket er første rekke knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Kort transport er positivt i forhold til energibruk og utslepp av klimagassar. Lokaliseringa inntil vegen, og den beskjedene storleiken av uttaksområdet gjer at terrenginngrepet blir vurdert å ha små skadeverknadar.

Uttaksområdet som ligg i kommunedelplanen frå 1998 er svært lite (0,4 daa), og det er lite grus att. Smådalsvegen har traktorvegstandard, og grusen vert nytta til å tette hol og for naudsynte reparasjonar. Seterbrukarane har ønskje om å utvide uttaksområdet for å dekkje framtidige behov. Plankontoret vurderer at ei utviding av uttaket på same plassen, vil vere gunstigare enn evt. å opne for nye område.

Konklusjon:

Uttaksområdet er svært lite, og konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M100 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg – også om ein tilet ei utviding med tanke på framtidige behov for uttak til vegvedlikehald. Plankontoret føreslår at uttaket blir utvida austover slik at M100 til saman omfattar i underkant av 0,7 daa. Utvidinga er vist på kart og flybilde under. Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i område M100 – Tavelflye - med utviding, vil bli godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen. Plankontoret føreslår at det blir knytt planføresegner til drifta av uttaket i kommuneplanen for å regulere driftstider for uttak og for å få fastsett reglar om avslutting av uttaket og istandsetting/tilpassing av området etter inngrepet.



Utsnitt av kommuneplanforslaget til 2. gongs offentlig ettersyn og høyring. Arealet er foreslege utvida austover slik at M100 omfattar i underkant av 0,7 dekar. Område med rutenett i nedre kant er arealet som er verna som Smådalen naturreservat. Sirklar med rutenett er automatisk freda kulturminne.




Utvida område for M100 vist på flyfoto frå 2017.


2.17 M104: Otta ved Geitøye– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn av motsegn frå Statsforvaltaren og NVE, og merknadar frå Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	Uttak i Ottaelva. Truleg er arealet eigd av landbruks-eigedomane på land innafor: GID 35/1, 34/2 og 34/3.
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	89,9 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane består av sand. Konfliktvurdering den gong: Ikkje konflikt. Statsforvaltaren har ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av planforslaget reist motsegn mot område M104 pga. konflikt med naturmangfald. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.



Kartutsnitt frå planforslaget. Faresoner for flaum og skred er for betre lesbarheit utelete på utskrifta.



M104 på flybilde frå 2020. Blåe sirkclar er registreringar av elvesandjeger frå 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaket er på eit ope sandområde i Ottaelva som er fløyma over sommar og haust. Arealet er i naturbase registrert som viktig naturtype (B), og er i planforslaget omfatta av omsynssone H560_2. Det er i Artsdatabanken ei rekkje registreringar av den sterkt truga (EN) billearten elvesandjeger mellom uttaket og lagringsområdet inne på Geitøye. Elvesandjeger er prioritert art som er freda via eigen forskrift. Finnmarks-siv som har status VU-sårbar, er registrert ved lagringsområdet.	Sjølv om registreringane av elvesandjeger er gjort utafor uttaksområdet, blir billas leveområde råka av transporten av massar inn til lagringsområdet. Arealet ligg rett utafor Årsjø som er verna som naturreservat, og elvestrekninga er viktig område for næringssøk og opphald for mange artar av vassfugl, også vinterstid når elva for det aller meste går open og er isfri her. Kulpen nedfor Tronoddbroe er ynda plass for sportsfiske etter stor aure og harr.	Stor verdi (***) Stort negativt omfang (---) Stor negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar eit sandområde i Otta utan verdi for landbruksproduksjon.	Ingen.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet i er prega av elva med kringliggende jordbrukslandskap ved tettstaden Fossbergom, og skoglier opp møt høgfjellet. Landskapet er storslått og særprega, og har verdiar over det normale.	Uttaksområdet ligg ute på den opne sandflata, og ligg ope til i dalen og er synleg frå store område. Når elva er flaumstor, blir uttaksområdet svømd over, og straumen i elva sletter ut spora av inngrepa. Lagringsområdet ligg avskjerma av skog, og er lite skjemmande.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i uttaksområdet. Det er eldre gardsbygnad på sørsida av elva, på Blakar, Stamstad nordre og Stamstad søre. På sistnemnde er mange av husa freda.	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. Dei forholdsvis avgrensa uttaka som gjerast i området, blir vurdert å ha liten skadeverknad i forhold til freda/verdfull gardsbygnad i nærleiken.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. I kommunedelplanen for sand stein og grus frå 1997, er det oppgjeve at massane består av sand. Gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad nytte egne maskinar/utstyr.	Grusressursane i uttaket er truleg av varierende kvalitet når det gjeld nytting til bygge- og anleggsformål. Uttaka i området er forholdsvis beskjedene.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Gardsbyggnaden på Blakar, Stamstad nordre og Stamstad søre ligg på det næraste 200 -350 m unna uttaksområdet. Støy frå uttaket er neppe meir skjenerende enn støy frå ordinær gardsverksemd. Støvflukt frå dei store sandflatane langs Otta, er tidvis eit problem for nærliggande bygnad på gardane og i tettstaden, men skyldast i liten grad uttaka i M104.	Kort transport av masser til bruk nær tettstaden og gardar i nærleiken, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Regulert område for massetak ved Bøvrasmunning, ligg nærare tettstaden og har grus av betre kvalitet. Uttak vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere noko stort problem med støy eller støvflukt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Masser frå uttaksområdet på den avdekte elveflata, må fraktast inn til Geitøye.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Sjølve uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Men området ligg nær utgangspunkt for viktig turområde ved Tronoberget og nær kulpen nedfor Tronoddbrua som er ynda lokalitet for fiske etter aure og harr.	Grusuttaka, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv. Ulempene for friluftslivet, er i hovudsak knytt til negativt synsinntrykk og støy.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Uttaket ligg i elva, og aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett for flaum.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at flaum vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet på den avdekte elveflata, må fraktast inn over elveflata og inn til Geitøye. Derfrå vidare langs Liavegen (Fv 2640). Avkøyringa til fylkesvegen har forholdsvis gode siktforhold.	Grusverksemda er forholdsvis avgrensa i omfang, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. aktiviteten som er knytt til massetaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Grusressursane i uttaket er truleg av varierende kvalitet når det gjeld nytting til bygge- og anleggsformål. Kort transport av masser til bruk nær tettstaden og gardar i nærleiken, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Regulert område for massetak ved Bøvrasmunning, ligg nærare tettstaden og har grus av betre kvalitet.	Det er knytt forholdsvis store negative konsekvensar til uttaket i forhold til leveområde til den sterkt truga (EN) billearten elvesandjeger, og at området også har andre naturverdiar som gjer at området er registrert som viktig naturtype. Det er også konflikt i forhold til landskapsverdiar og i forhold til friluftslivsinteresser i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samla vurdering:

Grusressursane i uttaket er truleg av varierende kvalitet når det gjeld nytting til bygge- og anleggsformål.

Det er knytt forholdsvis store negative konsekvensar til uttaket i forhold til leveområde til den sterkt truga (EN) billearten elvesandjeger. I "Forskrift om elvesandjeger (*Cicindela maritima*) som prioritert art" (FOR-2011-05-20-519), går det fram at ein kvar form for uttak, skade eller øydelegging av elvesandjeger er forbode. Som øydelegging reknast graving, masseuttak, utfylling og lagring av masser og andre handlingar dersom de er eigna til å skade, forstyrre eller på anna måte forringe individ av arten. Det er dette som i første rekkje dannar grunnlaget for motsegna frå Statsforvaltaren. Området også har andre naturverdiar som gjer at området er registrert som viktig naturtype – verdi B.

Det er også konflikt i forhold til landskapsverdiar og i forhold til friluftslivsinteresser i området.

NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.

Konklusjon:

Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M104 har større negative konsekvensar enn verdien som masseuttak i dette området fører med seg.


Plankontoret rår til å ta område M104 – Otta ved Geitøye - ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål *Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone - noverande*.

Dersom ein likevel ønskjer å oppretthalde område M104 – Otta ved Geitøye – som område for råstoffutvinning i kommuneplanen, må det stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttaka kan halde fram. Ein reguleringsplan må da i fall omfatte både uttaksområdet i elva, lagringsområdet på Geitøye og tilkomstvegen mellom. Planarbeidet må omfatte ei konsekvensutgreiing av verknadane for leveområdet for den sterkt truga (EN) og freda billearten elvesandjeger. Ei reguleringsplan for vidare uttak må sikre planløysingar som gjer at grusverksemda kan skje med minst moglege skadeverknadar for bestanden av elvesandjeger og andre naturverdiar i området.

2.18 M105: Otta ved Vulu, Garmo– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	Uttak i Ottaelva. GID 3/1, 4/1, 5/1, 7/1 og 7/2.
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	151,6 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommunedelplan for Garmo frå 1999 med revisjon i 2001, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997. Konfliktvurdering den gong: Lite masseføring, men stor førekomst. Vågåvatnet er senka. Flybilde som er teke opp etter kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997 og det nyaste frå 2020, viser at uttaka dels skjer utafor det området som er avsett som uttaksområde i kommunedelplanen. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.



Kartutsnitt frå planforslaget. Faresoner for flaum og skred er for betre lesbarheit, utelete på utskriftinga.



Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaket skjer i Ottaelva i eit deltaområde utafor Vulu og Oddeåe sitt utlaup som er fløyma over sommar og haust. Arealet er i naturbase i 2006 registrert som naturtype som er lokalt viktig (C). På faktaarket står det at verdien ikkje er sett høgare med grunnlag av inngrep og anna negativ påverknad, og at området har større verdi som viltområde, med en del rastande ender- og vadefugl. Arealet er i kommuneplanforslaget ikkje omfatta av omsynssone. Det er i Artsdatabanken registreringar av sandvale (NT - nær truga) og horndykkar (VU -sårbar). I 2020 har bever etablert seg i nedre del av Oddeåe.	Arealet er i kommuneplanforslaget ikkje omfatta av omsynssone med omsyn til naturverdiane i området. I faktaarket for registreringa i naturbase som lokalt viktig område i 2006, tilrår registrator at grusuttaka i området må stansast for å ta vare på dei attverande naturverdiane i området. At uttaka i alle år etter vedtaket av kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, dels har skjedd utafor det området som er avsett i planen, og nærare land og Vulu sitt utlaup, kan gjere at dei negative verknadane er større enn føresett. Masseuttak kan ha skadeverknadar for oppgang og gyting av aure og harr.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar ei grusvifte i Otta utan verdi for landbruksproduksjon.	Ingen.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet i er prega av elva med kringliggende jordbrukslandskap med eldre gardsbygnad og bustadbygnad i Frisvollskogen bustadområde, og skoglier opp mot Høgkollen og fjellområde. Landskapet er vakkert og særprega, og har verdiar over det normale.	Uttaksområdet ligg ute på den opne elveflata, og ligg ope til i dalen og er synleg frå store område. Når elva er flaumstor, blir uttaksområdet svømd over, og straumen i elva og ny tilførsel frå Vulu og Oddeåe, sletter dels ut spora av inngrepa. Ny tilførsel er avgrensa, slik at store uttak vil kunne setje meir varige spor.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i uttaksområdet. Det er eldre gardsbygnad på Garmosgardane berre eit par hundre meter frå der uttaka skjer. Her er fleire bygningar freda i tillegg til den gamle gravplassen som låg der den gamle stavkyrkja låg (no på Maihaugen på Lillehammer) .	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. At uttaka i alle år etter vedtaket av kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, dels har skjedd utafor det området som er avsett i planen, gjer at dei negative verknadane med omsyn til kulturminnevern, kan sjåast på å vere større enn føresett.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. Nordre del er del av ei større breelvavsetting, medan det er elveavsettingar ved utlaupet av Vulu. I følge NGU Rapport 87.011 består elvevifta av sand, finsand og silt ned til 15-20 meters djup. I kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, er det oppgjeve at massane består av 60 % sand og 40 % grus, der 82 % er karakterisert som sterke mineralkorn. I vassdragsplanen for Otta frå 1994, er botntransporten i Vulu, rekna til 200 tonn årleg.	Grusressursane er ei blanding av elvegrus frå Otta og deltaavsetting frå Vulu. Tilførsel frå Vulu er avgrensa. Grusressursane er dels av god kvalitet for nytting til bygge- og anleggsformål. Ressursen er lett tilgjengeleg, og gardbrukarane kan ved utnytting av ressursen i stor grad nytte eigne maskinar/utstyr. Uttaksområdet ligg sentralt i grenda, slik at transport ut til bygge- og anleggsstader, er kort.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Forureining, energi og klima	Gardsbyggnaden på Garmosgardane ligg på det næraste 200 m unna der uttaka i dag skjer. Støy frå uttaket er neppe meir skjenerende enn støy frå ordinær gardsverksemd. Støvflukt frå dei store sandflatane langs Otta, er tidvis eit problem for nærliggande bygnad og for støv/sand som legg seg på jordbruksland, men dette skyldast i liten grad masseuttaka knytt til område M105.	Kort transport av masser til bruk i grenda og gardar i nærleiken, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Det er ikkje andre større grusførekomstar eller regulerte område for massetak i eller nær Garmo. Uttak vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil er noko større problem med støy eller støvflukt. Det vert i dag lagra grus innafor sikringssona for Garmo vassverk, noko som potensielt kan forureine.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Masser lagrast på tørt land ved utlaupet av Vulu utafor uttaksomr.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Strandområdet ved Otta og elvevifta som er tørrlagd store delar av året, ligg nær bustadområdet i Frisvollskogen, er lett tilgjengelege og attraktive for friluftsliv og som tur/leikeområde for barn og unge.	Ulempene for bruk av området for friluftsliv, er i hovudsak knytt til negativt synsinntrykk og støy. Grusuttaka, vil skje over ein forholdsvis kort periode, noko som i nokon grad vil avgrense problema i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Uttaket ligg i elva, og aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett for flaum.	Det er lite sannsyn for at flaum vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Masser frå uttaksområdet fraktast inn og lagrast på tørt land, og fraktast vidare på veg langs Vulu til Rv15. Fartsgrensa på Rv15 er 60 km/t. Avkøyringa har gode siktforhold.	Grusverksemda er forholdsvis avgrensa i omfang, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. transporten som er knytt til massetaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Grusressursane i uttaket er av forholdsvis god kvalitet når det gjeld nytting til bygge- og anleggsformål. Kort transport av masser til bruk i grenda, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	Utnytting av grusressursen har stor verdi for grenda, men det er knytt middels negative konsekvensar til uttaket i knytt til naturverdiar og landskapsverdiar. Det er også knytt små negative konsekvensar til kulturmiljø og friluftsliv.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Utnytting av grusressursen har stor verdi for grenda. Grusressursane i uttaket er av forholdsvis god kvalitet når det gjeld nytting til bygge- og anleggsformål.

Det ser ut som at store delar av uttaket skjer nær uttaket av Vulu, og dels baserer seg på masse som blir tilført frå denne. Mengda av masse som blir tilført frå Vulu er avgrensa, og for store uttak nær elvemunningen, vil kunne gi varige sår og påverke naturmiljøet negativt. Lagring av grusen som blir teke ut, skjer inne på land nær Vulu og innafor sikringssonene for Garmo vassverk.

Det er knytt middels negative konsekvensar til uttaket i knytt til natur- og landskapsverdiar. Det er også knytt små negative konsekvensar til kulturmiljø og friluftsliv. I faktaarket for registreringa i naturbase som lokalt viktig naturtype i 2006, tilrår registrator at grusuttaka i området må stansast for å ta vare på dei attverande naturverdiane i området. At uttaka i alle år etter vedtaket av kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, dels har skjedd utafor det området som er avsett i planen, og nærare Vulu sitt utlaup, kan gjere at dei negative verknadane har vore større enn føresett i planen.

NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging. Statsforvaltaren har i si uttale sterkt oppmoda kommunen om å stille krav utarbeiding av reguleringsplan for området.

Konklusjon:


Grusressursen har stor verdi og er viktig for lokalsamfunnet, men konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M105 slik det skjer i dag dels utafor avsett område og nærare land og Vulu, har negative samfunnsmessige konsekvensar som nær kan oppveie dei verdiane som blir henta ut av grusressursen.

Plankontoret meiner at grusressursen har så stor verdi for lokalsamfunnet, at ein rår til å vidareføre område for råstoffutvinning i planforslaget, men at det er avhengig av at det gjerast grep for å bringe dei negative konsekvensane til eit akseptabelt nivå. Vidare utnytting av ressursen må da skje innafor det området som er avsett i kommuneplanen, og ikkje i områda nær land og utlaupet av Vulu der naturverdiane er størst. Plankontoret ser det vil vere behov for betre styring av aktiviteten i området enn det ein kan oppnå gjennom kommuneplanen, t.d. bør det kome på plass reglar for betre styring av når, kor og korleis uttaka skal skje, driftstid, lagring av massar osv. Plankontoret vil derfor tilrå at det i planføresegnene til kommuneplanen, stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan dersom grusverksemda innafor område M105 – Otta ved Vulu - skal halde fram. Ved ein slik planprosess kan ein også sjå nærare på avgrensing av uttaksområdet, mellom anna om det er naudsynt å få avsett eit bestemt område for lagring og grusbehandling på land.


2.19 M106A og M106V: Otta ved Liabru – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og Statsforvaltaren og merknadar frå Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	Uttak i Ottaelva. 106A: GID 84/32. 106V: GID 83/1.
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	106A: 11,9 daa 106B: 7,2 daa.
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane i området er sand, og at uttaka er for husbehov og mindre behov i Lia. Konfliktvurdering den gong: Ikkje konflikt. Statsforvaltaren har ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av planforslaget reist motsegn mot område M106A pga. konflikt med naturmangfald. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.



Kartutsnitt frå planforslaget. Faresoner for flaum og skred er utelete på utskrifta for betre lesbarheit.



M106A og M106B på flybilde frå 2020. Blå sirkclar viser registreringar av elvesandjegar frå 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaket skjer i Ottaelva på sandflatar ved Liabrue. Arealet er i naturbase i 2006 registrert som naturtype som er lokalt viktig (C). På faktaarket står det verdien ikkje er sett høgare med grunnlag av inngrep, sjølv om at lokaliteten omfattar ein ganske stor sanddyne-førekost. Hard vind, saman med de store mengdene med sand som fraktast med elva, gjer at det her er bygd opp sanddyner kring vegen og på austsida av denne med strandrug. I 2020 vart det gjort ei rekkje registreringar av den sterkt truga billearten elvesandjeger innafor M106A, og Statsforvaltaren har med grunnlag i dette reist motsegn mot M106A.	Arealet er i kommuneplanforslaget ikkje omfatta av omsynssone med omsyn til naturverdiane i området. Masseuttak i område M106A, vil vere svært skadeleg for leveområde for elvesandjeger. Grus/sandtak og trafikk i tilknytning til dette, vil også skade lokaliteten med flygesand. I faktaarket for registreringa i naturbase som lokalt viktig område i 2006, tilrår registrator at inngrep som grusuttak/ graving av kanalar osv. må stansast for å ta vare på naturverdiane. Mudderbankane med vegetasjon av kortskotsplantar innafor naturtype-registreringa, ligg for stor del utafor områda som er avsett for grusuttak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Uttaksområda omfattar grusflatar/flygesands-områder utan verdi for landbruksproduksjon.	Ingen.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet i er prega av sanddynene kring vegen/brua og elva med kringliggande jordbruks-landskap og noko bustadbygning ved den tidlegare Liaskulen. Skoglier opp mot Høgkollen og fjellområde. Landskapet er vakkert og særprega, og har verdiar over det normale.	Uttaksområda ligg ute på den opne elveflata, og ligg ope til for innsyn frå store område. Når elva er flaumstor, blir uttaks-områda svømd over, og straumen i elva og vind gir ny tilførsel av sand, som sletter ut spora av uttaka. Truleg er ny tilførsel avgrensa, slik at for store uttak vil kunne setje meir varige spor.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i uttaksområdet eller i nærleiken.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. I kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, er det oppgjeve at massane består av sand og at uttaka er for husbehov og mindre behov i Lia.	Ressursen har ikkje kvalitet god nok for nytting til bygge- og anleggsformål. Ressursen er lett tilgjengeleg, og gardbrukarane kan nytte eigne maskinar/ utstyr ved uttak og transport. Uttak er mest i form av at gardbrukarane har henta ut eit traktorlass ved behov. Uttaksområdet ligg sentralt i grenda, slik at transport vil vere kort.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste bustadbygning ligg om lag 200 m unna der uttaka skjer. Støy frå uttaket i den forma dei har, er neppe meir skjenerende enn støy frå ordinær gards-verksemd. Støvflukt frå dei store sand-flatane langs Otta, er tidvis eit problem for nærliggande bygning og for støv/sand som legg seg på jordbruksland, men masseuttaka i områda M106A og M106V har ikkje skuld i dette.	Kort transport av masser til bruk i grenda og gardar i nærleiken, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Det er ikkje andre større grusførekomstar eller regulerte massetak i området. Grus og sand er kostbart å frakte over store avstandar. Uttak vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil er noko større problem med støy eller støvflukt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Teknisk infrastruktur	Uttaka er små, og massar køyrast for det meste til bygg-/anleggs-staden/veganlegget.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Strandområdet og sanddynene ved Liabrua er attraktive og mye brukt til friluftsliv. Området er kanskje den mest brukte badestranden i kommunen. Området er svært lett tilgjengeleg ved veg, og viktig og friluftsområde for barn og unge. I dei siste åra har området blitt mykje brukt til telting og overnatting i bubilar, i slik grad at dette har medført problem med forsøpling og hygieniske problem pga. manglande toalettfasilitetar på staden. Elvestrekninga er ein god del nytta for sportsfiske.	Ulempene av massetaka knytt til bruk av området for friluftsliv, er i hovudsak knytt til negativt synsinntrykk og støy. Grusuttaka, vil skje over ein forholdsvis kort periode utanom badesesongen, noko som i stor grad vil avgrense problema i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Uttaket ligg i elva, og aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett for flaum.	Det er lite sannsyn for at flaum vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaka er små, og massar køyrast for det meste direkte til bygg-/anleggsstaden/veg-anlegget. Uttaket skjer tett ved Liabruvegen. Vegen er kommunal og har lite trafikk. Passering av Liabrua som er einvegskøyr, gjer at farten er låg. Det er forholdsvis gode siktforhold.	Grusverksemda er avgrensa i omfang, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. uttaket og transporten som er knytt til dette.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Grusressursane i uttaket er ikkje av god nok kvalitet til dei fleste bygge- og anleggsformål. Kort transport av masser til bruk i grenda, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	Pga. kort transport-avstand har utnytting av grusressursen verdi for grenda, men det er knytt forholdsvis store negative konsekvensar til uttaket i knytt til naturverdiar, landskap og friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samla vurdering:

Pga. kort transport-avstand har utnytting av grusressursen verdi for grenda. Grusressursane i uttaket er ikkje av god nok kvalitet for nytting til dei fleste bygge- og anleggsformål.

Mengda av masse som blir tilført er avgrensa, og store uttak vil kunne gi varige sår og påverke naturmiljøet negativt.

Det er knytt forholdsvis store negative konsekvensar til uttaket i knytt til naturverdiar, landskap, og friluftsliv. I faktaarket for registreringa i naturbase som lokalt viktig naturtype i 2006, tilrår registrator at grusuttaka i området må stansast for å ta vare på dei attverande naturverdiane i området.

Statsforvaltaren har ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av planforslaget reist motsegn mot område M106A pga. konflikt med naturmangfald. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.

Konklusjon:


Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttak i område M106A og M106B har større negative samfunnsmessige konsekvensar enn dei verdiane som masseuttaka i området fører med seg.

Plankontoret rår til å ta områda M106A og M106V – Otta ved Liabrue - ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål *Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone - noverande.*

2.20 M108: Otta ved Yttervikje – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	Uttak i Ottaelva. Truleg GID 160/1, 98/1 og 99/1.
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	3,2 daa.
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve at massane i området er sand, og at uttaka skulle vere for dekkmasse for avslutning av søppelfyllplass i Haugholet 1997/98. NVE har reist motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.



Kartutsnitt frå planforslaget. Faresoner for flaum og skred er utelete på utskrifta for betre lesbarheit.



M108 på flybilde frå 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaksområdet er på ei sandflate i Ottaelva ved Yttervikje. Arealet er i ikkje registrert som naturtype, men eit større område med viktig naturtype som ligg med omsynssone på plankartet, ligg om lag 250 m austafør. Det er ingen registreringar i Artsdatabanken i eller nær uttaksområdet. Ender nyttar området for næringssøk, og det er gode bestandar av aure og harr (eigne observasjonar).	Elva har endra seg på staden, og masseuttak dels ute i elva, vil vere skadeleg for fisk og fugl og vasslevande organismar/plantar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområda omfattar ei grusflate i elva utan verdi for landbruksproduksjon.	Ingen.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet i Yttervikje er prega av elva med kringliggande jordbrukslandskap og skoglier opp mot Høgkollen og fjellområde. Landskapet er særprega, og har verdier over det normale.	Uttaksområda ligg ute på den opne elveflata, og ligg ope til for innsyn frå store område. Når elva er flaumstor, blir uttaksområda svømd over. Større masseuttak vil kunne endre straumforholda i elva, og i ytste konsekvens endre plasseringa av djupålen.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller nær uttaksområdet.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Massane i uttaksområdet er elveavsetningar. Arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart for grusressursar. I kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, er det oppgjeve at massane er sand og at uttaka skulle vere for dekkmasse for avslutning av søppelfyllplassen i Haugholet i 1997/98.	Søppelfyllplassen i Haugholet er avslutta og tildekt, slik at det ikkje er behov for massar for tildekking her som var bruksføremålet som var fastsett i kommunedelplanen frå 1997. Ressursen er forholdsvis lett tilgjengeleg, men grusen/sanda har ikkje kvalitet god nok for nytting til dei fleste bygge- og anleggsformål.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Næraste bustadbygning ligg om lag 400 m unna uttaksområdet. Støy frå uttak vil neppe vere skjenerende her. Støvflukt frå sandflatane langs Otta, er tidvis eit problem for nærliggande bygning og for støv/sand som legg seg på jordbruksland, men masseuttak i område M108, vil ha lite og seie for dette.	Søppelfyllplassen i Haugholet er avslutta og tildekt, slik at det ikkje er behov for massar for tildekking her som var bruksføremålet som var fastsett i kommunedelplanen frå 1997. Kvaliteten på massane er dårleg, slik at nye uttak derfor er lite sannsynleg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Ved eventuelle nye uttak vil truleg massar køyrast direkte til anleggsstaden/vegen	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Strandområdet i Yttervikje er attraktivt og ein god del brukt til friluftsliv. Området er forholdsvis lett tilgjengeleg ved veg, og eigna friluftsområde for barn og unge. Elvestrekninga er ein god del nytta for sportsfiske, og det er utsett av båtar i vikje.	Ulempene av massetak knytt til bruk av området for friluftsliv, er i hovudsak knytt til negative synsinntrykk og øydelegging av plassar for fritidsfiske, leik og opphald.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Uttaket ligg i elva, og aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett for flaum.	Det er lite sannsyn for at flaum vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdier i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Nye uttak vil venteleg vere små, og massar vil truleg bli køyrt direkte til anleggsstaden/veganlegget. Transport må skje opp vegen ved Haugholet, og vidare på Liavegen FV2640. Det er forholdsvis gode siktforhold i krysset.	Evt. nytt grusuttak i området vil vere avgrensa i omfang, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. uttaket og transporten som er knytt til dette.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Massane i uttaksområdet er ikkje av god nok kvalitet til dei fleste bygge- og anleggsformål. Behovet for uttaket som er oppgjeve for tildekking av den gamle søppelplassen er i lenger til stades.	Pga. kort transportavstand kan utnytting av grusressursen ha verdi for grenda til enkle anleggsformål, men det er knytt negative konsekvensar til uttaket i knytt til naturverdier, landskap og friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samla vurdering:

Massane i uttaksområdet er ikkje av god nok kvalitet til dei fleste bygge- og anleggsformål.

Større masseuttak vil kunne endre straumforholda i elva, og i ytste konsekvens medføre økt erosjon og endre plasseringa av djupålen. Det vil kunne medføre varige sår og påverke naturmiljøet negativt.

Det er knytt forholdsvis store negative konsekvensar til uttaket i knytt til naturverdiar, landskap, og friluftsliv.

NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging. Statsforvaltaren har i si uttale sterkt oppmoda kommunen om å stille krav utarbeiding av reguleringsplan for området.

Konklusjon:


Behovet for uttaket som er oppgjeve i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, er tildekking og avslutting av den gamle søppelplassen i Haugholet. Dette behovet er ikkje i lenger til stades. Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M108 har så store negative samfunnsmessige konsekvensar at desse oppvegar dei verdiane som nye masseuttak i området vil føre med seg.

Plankontoret rår til å ta områda 108 – Otta ved Yttervikje - ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål *Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone - noverande.*

2.21 M109: Tessemagasinet ved Ilva – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	5,1 daa.
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene vedteken 18.05.2009, der området ligg som område for råstoffutvinning R1. I kommunedelplanen står det at dette er framtidig område for uttak av grus under høgaste regulerte vasstand (HRV) i Tesse aust for Vassenden. Massane skal nyttast berre til lokale behov på setrene innanfor planområdet. Uttak kan berre skje ved vasstand lågare enn uttaksnivået. Tilkomst/ uttransport skal skje ved bruk av eksisterande veg/ køyrespor. I planføresegnene er det skrive at uttaksområdet ikkje kan takast i bruk før dei inngår i reguleringsplan, noko som også er påført plankartet. Området er ikkje regulert eller teke i bruk. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.



Kartutsnitt frå planforslaget. Faresoner for flaum og skred er utelete på utskrifta for betre lesbarheit.



M109 på flybilde frå 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaksområdet er på ei sandflate i Tesse-magasinet sør for utlaupet av Ilva. Arealet er i ikkje registrert som naturtype, og det er ingen registreringar i Artsdatabanken i eller nær uttaksområdet.	Kommunedelplanen frå 2006, slår fast at uttak berre skal nyttast til lokale behov på setrene og skal skje ved vasstand i Tesse lågare enn uttaksnivået. Uttak vil slik sett medføre små skadeverknadar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar ei grusflate utan verdi for landbruksproduksjon.	Ingen.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet ved uttaksområdet er prega av Tesse med seterområdet innafor og fjellområde rundt. Tesse er regulert mellom høgde 842-854 moh, slik at store sandflater pregar landskapet store delar av året. Landskapet er likevel særprega, og har verdiar over det normale.	Uttaksområdet ligg ope til for innsyn frå store område. Når Tesse har største reguleringshøgde, blir uttaksområdet svømd over. Uttak for å dekkje lokale behov på setrene, vil neppe ha større landskapsverknadar. Nært innpå og for brukarar av friluftsområdet, vil inngrepet sjåast på som uheldig.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller nær uttaksområdet.	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Massane i uttaksområdet er truleg elveavsettingar, sjølv om NGU sitt lausmassekart viser tjukk morene. Arealet like innafor er vist som ressurs i NGUs kart for grusressursar, og truleg skulle også uttaksområdet vore omfatta av denne. NGU karta i området er oppgjeve å ha dårleg nøyaktigheit.	Kommunedelplanen frå 2009, slår fast at uttak skal nyttast til lokale behov på setrene, og det er sett krav om reguleringsplan. Området er ikkje regulert eller teke i bruk. Ressursen er lett tilgjengeleg, og setereigarane kan nytte egne maskinar/ utstyr ved uttak og transport. Ressursen er i liten grad fornybar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste hytte ligg om lag 150 m unna uttaksområdet. Støy frå uttak vil neppe vere meir skjenerende her enn støy frå vanleg jordbruksdrift. Støvflukt frå sandflatane langs Tesse, er tidvis eit problem, men masseuttak i område M109, vil ha lite og seie for dette.	Kort transport av masser til bruk i setergrenda, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Det er ikkje andre større grusførekomstar eller regulerte massetak i området. Uttak vil skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere noko større problem med støy og støv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Ved uttak vil truleg massar køyrast direkte til anleggsstaden.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Strandområdet her er attraktivt og mykje brukt til friluftsliv. Området er lett tilgjengeleg ved veg, og eigna friluftsområde for barn og unge. I kommunedelplanen frå 2009 er det lagt inn LNF-områder med spesielle omsyn til friluftsliv rett nord for uttaksområdet – eit for camping/ parkering av campingvogner i sommarsesongen – eit for utsetting og plassering av båtar i fiskesesongen.	Det er lagt ut omsyns-sonar for friluftsliv i kommuneplanforslaget der det er LNF-områder med spesielle omsyn til friluftsliv i kommunedelplanen frå 2009. Ulempene av massetak for friluftsliv, er i hovudsak knytt til negative synsinntrykk og reduksjon av areal for utsetting av båtar, leik og opphald. Kommunedelplanen slår fast at uttak skal nyttast til lokale behov på setrene, slik at uttaksmengder og skadeverknadar vil vere avgrensa.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Samfunns-tryggleik	Uttaket ligg i vatnet, og aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett for flaum, dels også for snøskred.	Det er lite sannsyn for at flaum eller skred vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Uttak vil venteleg vere små, og massar vil truleg bli køyrt direkte til anleggsstaden/veganlegget. Transport skal i samsvar med kommuneplanen skje etter eksisterande veg/køyrespor, og vidare på Smørlivegen/Osvegen/Kleppdalsvegen til setrene. Det er forholdsvis gode siktforhold ved utkøyringa til Smørlivegen.	Grusuttak i området vil vere avgrensa i omfang, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. uttaket og transporten som er knytt til dette.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Kommunedelplanen frå 2006, slår fast at uttak skal nyttast til lokale behov på setrene, og det er sett krav om reguleringsplan. Ressursen er lett tilgjengeleg, og setereigarane kan nytte egne maskinar/utstyr ved uttak og transport. Kort transport av masser til bruk i setergrenda, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	Området er ikkje regulert eller teke i bruk. Det er ikkje andre større grusførekomstar eller regulerte massetak i området. Pga. kort transportavstand har utnytting av grusressursen verdi for setergrenda til anleggs- og byggeformål. Det det er forholdsvis små negative konsekvensar av uttaket knytt til naturverdiar, landskap og friluftsliv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Pga. kort transportavstand har utnytting av grusressursen verdi for setergrenda til anleggs- og byggeformål. Ressursen er lett tilgjengeleg, og setereigarane kan nytte egne maskinar/utstyr ved uttak og transport. Det det er forholdsvis små negative konsekvensar av uttaket knytt til naturverdiar, landskap og friluftsliv. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.


Konklusjon:

Kommunedelplanen frå 2006, slår fast at uttak skal nyttast til lokale behov på setrene, og det er sett krav om reguleringsplan. Konsekvensutgreiinga tilseier at masseuttaket i område M109 har større samfunnsmessige positive konsekvensar enn ulempene det fører med seg. Plankontoret finn å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning M109 som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn. Kravet om utarbeiding av reguleringsplan før det gjerast uttak, blir oppretthalde og nedfelt til planføresegnene til kommuneplanen.

2.22 MS3: Graffer – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	26/1 - Graffer
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,6 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Områda MS3 er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen frå 1997 er det oppgjeve at det er eit steinuttak i fast fjell til bruk i NVE sine anlegg. Konfliktvurdering den gong: Godt gøymt.



Kartutsnitt frå kommuneplanforslaget.



Flyfoto 2020. Når bildet var teke, skjedde arbeid med å grave ned rørtraseen til Graffer kraftverk på motsett side av Meadalsvegen.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaksområdet ligg inntil Meadalsvegen. 685-700 moh. Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Det er hekkelokalitet for freda rovfugl som ligg om lag 1,5 km unna uttaksområdet. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Hekkelokaliteten for freda rovfugl ligg om lag 1,5 km unna, og anleggsområdet og inntaket for Graffer kraftverk ligg mellom denne og MS3. Ein vurderer at uttaket vil ha avgrensa skadeverknader med omsyn til freda rovfugl og andre miljøverdiar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Området er vist som skoggrunn av middels bonitet i jordregisteret (AR5), og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Masseuttaket vil i svært liten grad kome i konflikt med bruk av arealet for skogproduksjon, men arealet er så lite at dette har liten økonomisk betydning.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positiv konsekvens (++)</i> Liten positiv konsekvens
Landskap	Landskapet har ikkje landskapsverdiar ut over det normale. Området ligg inntil veganlegget, og er elles forholdsvis godt avskjerma av terrengformasjonar og skog.	Uttaksområdet er forholdsvis lite, og ligg inntil veganlegget. Uttaket er omgjeve av skog og er lite synleg.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Bergarten i området er kvartsitt og kvartsitt-skifer. Lokaliteten er vist som ressurs i NGUs kartbasse for mineralressursar. Lokaliteten er kalla Sørstrondvassvegen og er klassifisert å vere av liten betydning. I kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, er det oppgjeve at det er eit steinuttak i fast fjell til bruk i NVE sine anlegg.	Det er teke ut stein på om lag 1/3 av arealet ned til høgdenivå med vegen, og brotkanten er på 7-8 m høgde. Det er stort behov for stein til vassdragsforbygging og muring.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne. Sørstrondvassvegen går på motsett side av vegen, og ligg på det næraste 35 m frå uttaket	Masseuttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Steintak gir støy og støv frå sprenging og pigging. Næraste bustadbygning er på Graffer om lag 1 km unna.	Uttaket ligg i forholdsvis god avstand frå bygning, og verksemda vil truleg skje over ein kort periode, slik at det ikkje vil vere større problem med støy eller støvflukt. Kort transport av stein ut til forbyggingsanlegg, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Uttaket ligg inntil Meadalsvegen og stein vil bli frakta ut langs vegen.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar og behov for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge. Det er merka stig opp til Rauberget (881 moh) som ligg om lag 0,9 km nord for uttaket.	Ulempene av steintaket for friluftsliv, er i hovudsak knytt støy og anleggstrafikk.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett for skred eller flaum.	Ved sprenging i inntaket, vil vegen måtte bli stengt, slik at uttaket ikkje blir rekna til å utgjere fare.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaket ligg inntil Meadalsvegen (privat bomveg), og stein vil bli frakta ut langs vegen. Vidare transport vil skje langs RV15. Krysset mot riksvegen er regulert og godt utforma.	Trafikken på Meadalsvegen er forholdsvis liten, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. uttaket.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	I kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, er det oppgjeve at det er eit stein frå uttaket skal nyttast til bruk i NVE sine anlegg. Det er stort behov for stein til vassdragsforbygging og muring, og stein frå uttaket vil vere godt eigna for dette føremålet.	Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa i området, og kort transport av stein ut til anlegga, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Det er knytt forholdsvis små negative konsekvensar av uttaket knytt til naturverdiar, landskap og friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Det er stort behov for stein til vassdragsforbygging og muring, og stein frå uttaket vil vere godt eigna for dette føremålet. Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa i området, og kort transport av stein ut til anlegget, er positivt med omsyn til energibruk og klima.

Det er lite massar att å ta ut i det eksisterande uttaket på grunn til Graffer, slik at interessene er knytt til å nytte grusressursen som strekk seg vidare sørover inn på teig til Blakar for vedlikehald av Meadalsvegen. Verdien av uttakområdet vil i første rekke vere knytt til at transporten ut på veganlegget er kort. Lokaliseringa gjer området god eigna til uttak, behandling og lagring av massar.

Det det er knytt forholdsvis små negative konsekvensar av uttaket knytt til naturverdiar, landskap og friluftsliv.

Konklusjon:

Uttaksområdet er forholdsvis lite og det er teke ut stein på om lag 1/3 av arealet. Konsekvensutgreiinga tilseier at steintak i område MS3 har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulemperne det fører med seg.


Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i område MS3 – Graffer – tilseier at ein vil foreslå å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning MS3 ved nytt offentleg høyring og ettersyn av planen, men at det da blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak kan halde fram.

Steinbrot medfører ein del ulemper, særleg knytt til støy. Det tilseier at området bør bli omfatta av reguleringsplan før vidare steinuttak kan held fram. Gjennom ein reguleringsplan kan ein mellom anna få fastsett driftstider for uttak og tiltak mot støy, og dessutan få fastsett reglar om avslutting av uttaket og istandsetting/tilpassing av området etter inngrepet.

2.23 MS4: Brimi – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	13/1 – Brimi nordre
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,8 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve uttak av skifer til bygningsformål. Konfliktvurdering den gong: Eksisterande. Lite uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område MS4 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



MS4 – Flyfoto 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg 435-460 moh. Det omfattar i jordregisteret (AR5) uproduktiv skog, og omfattar ikkje areal som er dyrka/dyrkbart.	Masseuttaket vil kome i konflikt med skogbruk, men arealet er lite og uproduktivt og har ikkje økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Kulturlandskapet ved Brimigardane og Lyngvedsgardane har landskapsverdiar ut over det normale. Uttaksområdet ligg rett oppfør vegen for desse, og har i seg sjølv ikkje særskilte verdiar.	Området ligg inntil vegen, og uttak vil stå fram som eit sår bli i landskapet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Uttaksområdet er lite, og arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart over grus- og pukkressursar. Berggrunnen som gir grunnlag for uttak, er kvartsitt. Lokale entreprenørar og byggefirma har behov for skifer til muring.	Uttaket i området som ligg i planen må ha vore lite da uttak ikkje går fram av flybilde. Flybilde viser at det er teke noko stein aust for uttaksområdet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i eller nær uttaksområdet. I SEFRAK-registeret er det fleire bygnader med meldeplikt etter kulturminnelova.	Steintaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste bustadhus ligg 170 m frå uttaksområdet, og det er fleire bustadhus/våningshus som ligg mellom 200-600 m frå uttaket. Området ligg i gul sone for vegtrafikkstøy.	Bryting av stein og evt. tilpassing ved pigging, vil kunne skape støy og støv mot nærliggande bygnad. Uttaksområdet er lite, og uttaket vil venteleg skje i ei kort periode.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Arealet ligg tett ved RV15. Det er ingen godkjend avkøyrsl.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet ligg tett ved riksvegen, er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller for barn og unge.	Uttak vil truleg vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til v friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ikkje ligg utsett til for skred eller flaum. Det er ikkje registrert dreneringsliner i uttaksområdet.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre personskadar eller tap av større materielle verdier.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Uttaksområdet ligg rett på oppsida av RV15. Det er ingen godkjend avkøyrsl. RV15 har berekna ÅDT på 2200 køyretøy med 18 % lange køyretøy, og fartsgrensa er 80 km/t. Mykje hjortevilt kryssar vegen i området. Uttaket ligg innafor byggegrense mot veg.	Ein sving på vegen gjer at det ikkje er spsielt god oversikt når ein kjem frå vest. Det er høg fart og eit samansett/komplisert trafikkbilde med fleire bakketopp, sving og fleire avkøyrslar i tilknytning til gardane. Det er registrert fleire trafikkulykker på staden. Uttak av skifer nær vegen kan oppfattast som forstyrrande og vere negativt m.o.t. trafikktryggleik. Ein reknar med at det vil bli vanskeleg å få på plass godkjend avkøyrsl til området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Lokale entreprenørar og byggefirma har behov for skifer til muring.	At området ligg så tett inntil RV15, gjer det vanskeleg å etablere godkjend avkøyrsl og ivareta omsyn til trafikktryggleik ved etablering av uttak for skifer.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av ressursen er i første rekke knytt til at Lokale entreprenørar og byggefirma har behov for skifer til muring, og at det er få alternative stadar for uttak. At området ligg så tett inntil RV15, gjer det vanskeleg å etablere godkjend avkøyrsl og ivareta omsyn til trafikktryggleik ved etablering av uttak for skifer.

Konklusjon:


Konsekvensutgreiinga tilseier at eit steinuttak i område MS4 har større negative samfunnsmessige konsekvensar enn verdien som eit steinuttak i dette området fører med seg.

Plankontoret rår til å ta område MS4 – Brimi - ut av planen som område for råstoffutvinning for planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål *LNFR* - *noverande*.

2.24 MS5: Thulittbrot i Lia– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	13/1 – Viken søre
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	3,3 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve uttak av nasjonalsteinen Thulitt. Konfliktvurdering den gong: Eksisterande. Lite uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Område MS5 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit er desse utelete på utskrifta.



MS5 – Flyfoto 2020.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
------	-------------	-----------------	-------------------------

Naturmiljø og naturmangfold	Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket er forholdsvis lite, og vil ha små skadeverknader.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet ligg 610-645 moh. Det omfattar i jordregisteret (AR5) 2,3 dekar skog av middels bonitet og 1 dekar skog av låg bonitet. Arealet omfattar ikkje areal som er dyrka/dyrkbart.	Masseuttaket vil kome i konflikt med skogbruk, men arealet er lite og forholdsvis lite og har ikkje stor økonomisk betyding.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Uttaksområdet ligg i ei li med skog som går opp mot fjellet, og har ikkje landskapsverdiar ut over det normale.	Større uttak vil stå fram som eit sår bli i landskapet, og vil bli synleg frå avstand/motsett side av dalen. Nært innpå kan vil ståande skog skjerme mot innsyn.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Uttaksområdet er lite, og arealet er ikkje registrert som ressurs i NGUs kart over grus- og pukkressursar. Berggrunnen i området er på berggrunnskart frå NGU gneis av ulike samansetting. Men her er altså også innslag av den manganholdige bergarten thulitt, som gir grunnlag for uttaket.	Verdien av ressursen er i første rekke knytt til at nasjonalsteinen thulitt har verdi som dekorstein og for sliping av smykke osv. Uttaksverksemda er liten, men flybilde viser at det er teke noko stein nord i uttaksområdet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne, nyare tids kulturminne eller bygningar som er freda eller med kulturhistorisk verdi i uttaksområdet eller i nærleiken.	Steintaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste bustadhus ligg over 500 m frå uttaksområdet.	Uttaket ligg langt frå bygnad. Uttak er av lite omfang, og skjer over ei kort periode, slik at det ikkje vil vere problem med støy.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Arealet ligg vanskeleg til for vegtilkomst. Med det omfang uttaket har i dag, er det lite behov for meir infrastruktur.	Det er ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller for barn og unge.	Uttak vil vere små, og skje over ein kort periode, og vil ikkje medføre problem i forhold til friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred, jord- og flaumskred.	I forhold til drift av uttaket, er det lite sannsyn for at skred vil medføre personskadar eller tap av større materielle verdier.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Det blir teke ut små mengder av stein, som blir frakta ut Jotvegen og vidare ut på offentleg veg.	Transporten av den beskjedene mengdene stein på Jotvegen og på offentleg veg, vil vere av kortvarig karakter, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Uttaket i området har vore lite, og verdien av ressursen er i første rekke knytt til at nasjonalsteinen thulitt har verdi som dekorstein og for sliping av smykke osv.	Området der det er teke ut thulitt er lite og ligg skjerna av skog i god avstand frå næraste bygnad. Støy frå eit uttak av lite omfang, vil ikkje utgjere noko problem.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Verdien av ressursen er i første rekke knytt til at nasjonalsteinen thulitt har verdi som dekorstein og for sliping av smykke osv. Det knytt små og få negative konsekvensar til eit avgrensa uttak, som meir har form som eit prøveuttak.

Uttaket har betydning for lokale bedrifter.

Konklusjon:

Uttaket er lite og konsekvensutgreiinga tilseier at steintaket i område MS5 i det omfanget som skjer i dag, har større samfunnsmessig positiv konsekvens enn ulempene det fører med seg.


Plankontoret tilrår å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning i thulittbrotet i Lia – MS5 - som ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn.

Ein vurderer at ressursar og verdier i thulittbrotet blir godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen på det nivået uttaket skjer nå, men skal uttaksmengdene aukast vesentleg slik at uttaka i området samla kjem over 500 m³ må det settast krav om utarbeiding av reguleringsplan.

2.25 MS6: Lille Odde i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentlig høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	185/1 -Vårdalen statsallmenning
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	1,6 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Områda er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det oppgjeve som blokkur med uttak til murstein og forbygging. Konfliktvurdering den gong: Uttak i ur. Lite konfliktfylt.



Kartutsnitt frå planforslaget. Raud skravering er faresone for krafline. Grå skravering er støysone mot veg. Område S6 er elles omfatta av faresone for snøskred, men for lesbarheit er denne utelete på utskrifta.



MS6 Flyfoto 2020

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet er ikkje kartlagd som viktig naturtype. I Artsdatabanken er spikespringfrø registrert nær uttaket. Denne planta har status sterkt trua (EN) på den norske raudlista	Uttaket er lite, og vil ha små skadeverknader. Spikespringfrø har mange registreingar langs Liavegen i området, men har stor spreiningsevne og vil venteleg ikkje bli særleg påverka av uttak.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet er kartlagt som uproduktivt i AR5, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart.	Steinuttaket ikkje kome i konflikt med jord- og skogbruk.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg på oversida av Liavegen (Fv2640) rett oppfor bruket Lille Odde. Bruket er nedlagt og har gamal bygnad og tidlegare dyrka jord. 4 bygningar er registrert i SEFRAK-registeret med meldeplikt. Landskapet med dei små bruka langs Grøn fjorden med Garmo på andre sida, må karakteriserast som særprega og verdifullt.	Uttaksområdet ligg i kanten av fylkesvegen og er utan skjerming. Landskapsverknaden blir vurdert som negativ pga. lokaliseringa i særprega landskap og lokalisering heilt inntil bruket Lille Odde med kulturminneverdiar knytt til eldre bygningsmasse.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ikkje registrert i NGU som mineral/grus- eller pukkkressurs. Steinen ligg lett tilgjengeleg inntil fylkesvegen.	Av flybilde kan ein ikkje sjå at det er teke ut stein i området. Det er behov for stein til vassdragsforbygging og muring.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminneverdiar i uttaksområdet. På bruket Lille Odde som ligg rett på nedsida av fylkesvegen er det registrert 4 bygningar i SEFRAK-registeret med meldeplikt.	Masseuttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne og kulturmiljø, men lokaliseringa nær Lille Odde gjer at kulturverdiar vil bli påverka.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Uttaksområdet ligg nær det gamle våningshuset på Lille Odde (50 m), og bygnaden her kan bli utsett for støy ved uttak av stein. Lille Odde er ikkje fast busett.	Uttak vil truleg skje over ein kort periode, slik at problem med støy mot Lille Odde, vil vere avgrensa. Kort transport er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Ei kraftline kryssar uttaksområdet i nedre kant. Området ligg tett inntil fylkesvegen.	Kraftlina med mast og leidningstrekk over området, gjer det vanskeleg ta ut stein frå uttaket utan at kraftlina blir lagt om.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativ omfang</i> <i>(--)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet er lite og har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller område som har betyding for barn og unge.	Uttak vil ikkje medføre problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang</i> <i>(0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett til for snøskred. Ura skulle tyde på fare for steinsprang, men det er ikkje vist på aktsemdskart.	Uttaka vil skje over ein kort periode, og det er lite sannsyn for at snøskred vil kunne medføre tap av liv, til personskadar eller tap av større materielle verdiar. Uttak av stein kan gjere ura ustabil med fare for utras av stein mot fylkesvegen, og i verste fall mot Lille Odden.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang</i> <i>(--)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Området ligg tett inntil fylkesvegen. Trafikken på Liavegen er liten (ÅDT 150 med 10% lange køyretøy).	Steinuttak vil kunne medføre problem med trafikkavviklinga, og potensielt medføre noko auka fare for trafikkulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Det er behov for stein til forbyggingsarbeider og muring, og førekomsten ligg lett tilgjengeleg for uttak. Uttak vil medføre at kraftline må flyttast leggst om.	Av flybilde kan ein ikkje sjå at det er teke ut stein i området. Kostnadane med flytting/omlegging av kraftline vil vere stor i forhold til verdien av ressursen. Uttaket ligg i område med verdiar knytt til gamal bygningar og landskapsverdiar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens

Samla vurdering:

Det er behov for stein til vassdragsforbygging og muring, og førekomsten ligg lett tilgjengeleg for uttak. Kostnadane med flytting/omlegging av kraftline vil vere stor i forhold til verdien av ressursen. Konsekvensutgreiinga viser negative konsekvensar knytt til naturmiljø/naturmangfald, landskap, kulturmiljø, støy, teknisk infrastruktur, samfunns-tryggleik og trafikktryggleik.


Konklusjon:

Uttaksområdet er lite, og ein kan ikkje sjå at det er nytta. Konsekvensutgreiinga tilseier at steinuttaket i område MS6 – Lille Odden – vil ha større samfunnsmessig negative konsekvensar enn fordelane det fører med seg. Plankontoret rår til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til offentlig høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål LNFR.

2.26 MS7: Storurde i Lia – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	27/1 - Kjæstad og 27/3 - Sandviken
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	12,2 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det omtalt som eksisterande uttak frå blokkur til murstein og forbygging. Konfliktvurdering da: Høgspent. Uttak i ur. Lite konfliktfylt.



Kartutsnitt frå planforslaget. Raud skravering er faresone for kraftline. Grå skravering er støysone mot veg. Område MS7 er elles omfatta av faresone for skred, men for lesbarheit av kartet er denne utelete på utskrifta.



MS7 Flyfoto 2020

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaksområdet ligg inntil Liavegen (Fv2640) 450-500 moh. Det er ingen registreringar i eller nær uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr.	Uttaket vil ha små skadeverknader med omsyn til naturmiljø og naturmangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet er kartlagt som open skrin fastmark i AR5, og omfattar ikkje areal som er dyrka/ dyrkbart. Arealet kring uttaket omfattar uproduktiv skog eller skog av låg bonitet.	Steinuttaket vil ikkje kome i konflikt med jord- og skogbruk.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg på oversida av Liavegen (Fv2640) i eit skogsområde oppfor Ottaelva med fleire bustadeigedomar. Landskapet har ikkje særleg landskapsverdiar ut over det normale.	Uttaksområdet ligg i kanten av fylkesvegen og er utan skjerming sett frå vegen. Skog vil dels skjerme uttaket sett frå avstand.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	I kommunedelfplan for sand stein og grus frå 1997 er det oppgjeve blokkur med uttak til murstein og forbygging. Arealet er ikkje registrert i NGU som mineral/grus- eller pukkkressurs. Steinen ligg lett tilgjengeleg inntil fylkesvegen.	Av flybilde kan ein sjå at det er teke ut stein i nedre del av området. Uttaka omfattar om lag 1/3 av arealet som er lagt ut i planforslaget. Det er behov for stein til vassdragsforbygging og muring.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminneverdiar i eller nær uttaksområdet.	Uttaket vil ikkje kome i konflikt med kulturminne og kulturmiljø.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Uttaksområdet ligg rett ovafor bustadhus på nedsida av vegen (avstand 50 m), og det ligg elles 4 bustadhus med avstand 150-450 m avstand frå uttaket. Bygnaden her kan bli utsett for støy ved uttak.	Uttak, og evt. pigging og knusing av masse vil kunne skape støy og støvflukt mot bustadbygning. Kort transport til anlegg med flaumforbygging er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Teknisk infrastruktur	Området ligg inntil fylkesvegen. Ei kraftline kryssar uttaksområdet i nedre kant, og gjer det vanskeleg ta ut meir stein frå nedre delar av uttaket.	Kraftlina med mast og leidningstrekk over nedre dela av området, men her er mestedelen av massane allereie teke ut. Kraftlina vil ha lite å seie for vidare drift.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller betyding for barn og unge.	Uttak vil medføre små problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Aktsemdskart viser at austre del av uttaksområdet kan ver utsett for jord- og flaumskred. Aktsemdskart frå NVE viser også snøskredfare, men ei kartlegging SGC/Geofare gjorde for Lom i 2016, viser at det ikkje er slik fare. Ura skulle tyde på fare for steinsprang, men det er ikkje vist på aktsemdskart. Kraftline over nedre del av området. Innlandsgis viser at det kan drenere overvatn frå eit areal på 20-50 dekar gjennom vestre del av arealet.	Det er lite sannsyn for at jord- og flaumskred vil kunne medføre personskadar eller tap av større materielle verdier knytt til drift av eit steintak. Ved uttak av stein må ein sørgje for tiltak som forebygging mot utras av stein mot fylkesvegen. Ved arbeid i nedre del er det fare for berøring av høgspenn-leidning, men massane under denne er for stor del allereie teke ut. Ein må ved drift av uttaket ta omsyn til overvatn, men nedslagsfeltet er lite, slik at vassmengda er avgrensa.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Området ligg nær Liavegen – Fv 2640. Trafikken på Liavegen er liten (ÅDT 340 med 10 % lange køyretøy), og fartsgrensa er 80 km/t.	Det er ei oversiktleg vegstrekning der uttaket ligg, og ein reknar at det er lite sannsyn for at steinuttak og avkøyning derfrå vil medføre problem med trafikkavvikling og auke i talet på trafikkulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Det er stort behov for stein til forbyggingsarbeider og muring, og førekomsten ligg lett tilgjengeleg for uttak. Av flybilde kan ein sjå at det er teke ut stein i nedre del av området.	Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa i området, og kort transport av stein ut til anlegga, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Uttak kan medføre støy mot nærliggande bustadbyggnad. Det er elles knytt forholdsvis små negative konsekvensar av uttaket til naturverdiar, landskap og samfunns-tryggleik.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Det er behov for stein til vassdragsforbygging og muring, og førekomsten ligg lett tilgjengeleg for uttak.

Uttak av stein, utkøyning og evt. tilpassing av stein med pigging, vil medføre støy mot nærliggande bustadbygnad, noko som er vurdert til middels negativ konsekvens.

Konsekvensutgreiinga viser elles små negative konsekvensar knytt til naturmiljø/naturmangfald, landskap og samfunnstryggleik.

Konklusjon:

Det er teke ut stein på om lag 1/3 av arealet. Plankontoret vurderer at ressursar og verdiar i område MS7 – Storurde – og forholdsvis små negative konsekvensar, tilseier at ein vil foreslå å oppretthalde utlegging av areal for råstoffutvinning her ved nytt offentleg høyring og ettersyn av planen.


At uttaket kan medføre støy mot nærliggande bustadbygnad, tilseier at området bør bli omfatta av reguleringsplan før vidare uttak kan held fram. Gjennom ein reguleringsplan kan ein mellom anna få fastsett driftstider for uttak og tiltak mot støy, og dessutan få fastsett reglar om avslutting av uttaket og istandsetting/tilpassing av området etter inngrepet.

Plankontoret tilrår at område MS7 – Storurde – blir vidareført som område for råstoffutvinning som ein del av kommuneplanforslaget, men at det da blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak kan halde fram.

2.27 MS8: Kjæstadurde– Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	27/1 - Kjæstad
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	13,7 daa
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommuneplan frå 2003, og som hadde grunnlag i kommunedelplan for sand, stein og grus vedteke i 1997. I kommunedelplanen er det omtalt som nytt uttak frå ur til murstein og forbygging. Konfliktvurdering da: Eksponert, men små uttak.



Kartutsnitt frå planforslaget. Raud skravering er faresone for krafline. Grå skravering er støysone mot veg. Område MS8 er elles omfatta av faresoner for skred, men for lesbarheit av kartet er desse utelete på utskrifta.



MS8 Flyfoto 2020. Uttaksområdet i kommuneplanen for sand, grus og stein frå 1997, er vist med svart strek.


Vurdering av konsekvens


Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaksområdet ligg nord for RV15 400-450 moh. Det er ingen registreringar i uttaksområdet av truga/sårbare artar eller verdfull natur. Beitemarka i nordvest ligg i naturbase som viktig naturtype, og er på faktaarket omtalt som eit område er prega av både gjødsling, gjengroing og artsrik, gamal kulturmark.. Opne delområde her dominerast av karakteristiske tørreng-arter inklusive to registrerte raudliste-arter. Viltkart viser at området er beiteområde for elg, hjort og rådyr, og at det er ein trekkveg for hjortevilt her.	Uttaket vurderast å ha forholdsvis små skadeverknader med omsyn til naturmiljø og naturmangfald. Arealet som omfattar den beitemarka i nordvest som ligg i naturbase, er i kommuneplanarbeidet ikkje vurdert å ha så stor viktigheit at det er omfatta av omsynssone med omsyn til naturverdiane på plankartet. Støy og aktivitet i uttaket, kan forstyrre hjorteviltet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Jord- og skogbruk	Uttaksområdet er kartlagt som open skrinne fastmark og uproduktiv skog i AR5. Arealet mellom uttaksområdet og RV15 er kartlagt som overflatedyrka jord (AR5), og er registrert som dyrkbar. Stein som blir teke ut, må evt. frakast ut her. Flybilde viser at arealet her sidan 1960-taleter har vore nytta som lunneplass, plass for produksjon av ved og som lagerplass.	Steinuttaket vil slik arealet har vore nytta i fleire tiår, i liten grad kome i konflikt med jord- og skogbruksproduksjon. Utkøyring av stein, vil måtte skje over areal som sidan 1960-taleter har vore nytta som lunneplass, plass for produksjon av ved og som lagerplass. Støy frå verksemd i massetaket (uttak, pigging osv.) kan forstyrre husdyr på innmarksbeite.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg på oversida av RV15 inn mot ei bratt li. Jordbrukslandskapet på nedsida av vegen med gardstuna på Kjæstad og Rostad har store landskapsverdiar og med ein del eldre bygningsmasse som er meldepliktig etter kulturminnelova. Uttaket ligg tilbaketrekt inn mot lia, og det går ei høgspenline over nedre del av uttaket. Arealet her kan ikkje seiast å ha særlege landskapsverdiar ut over det normale.	Uttaksområdet ligg like sør for RV15, og ligg utan skjerming sett frå vegen. Uttaksområdet i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, strekk seg over eit om lag 150 m langt område frå 404 moh til 454 moh. Større uttak vil stå fram som sår i landskapet. På grunn av at arealet ligg inn mot lia, vil arealet ikkje vere særleg synleg sett frå avstand.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller nær ura. Vassvegen Sørstrondvassvegen kryssa tidlegare i trettoer over ura, men det er i dag berre restar att av denne. Vassvegen en ikkje freda, men kommunen har ønske om å bevare dei gamle vassvegane som kulturminne. På gardstunet på Kjæstad er det fleire bygningar i SEFRAK-registeret som er meldepliktig etter kulturminnelova.	Uttaket med den utstrekking det har i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, vil kome i konflikt med faret for den gamle Sørstrondvassvegen (jf. vedlagt kartutsnitt bakarst i KU for området). Det er berre restar att av dei trettoene som leia vatnet over ura, og truleg vil dei snart forsvinne heilt (jf. bilde bakarst i KU)	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	I kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997, er uttaket omtalt som nytt uttak frå ur til murstein og forbygging. Det er stort behov for slik stein. Arealet er ikkje registrert i NGU sin base for mineral/ grus- eller pukk-ressursar.	Det er stort behov for stein til vassdragsforbygging og muring. Det har ikkje skjedd uttak som er synleg på flybilde frå 1960-talet og framover. Steinen ligg lett tilgjengeleg for uttak, men uttaksområdet er bratt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Næraste bustadhus er på grunneigars eigedom på Kjæstad, og det ligg i avstand 300 m frå uttaket. Bustadhuset på Rostad ligg på det næraste 700 m unna. Uttaksområdet ligg innafor gul sone for vegtrafikkstøy.	Uttak, pigging og evt. knusing av masse vil kunne skape støy og støvflukt mot bustadbyggnad, men bustadbyggnaden ligg forholdsvis langt unna. Forholdsvis kort transport til anlegg med flaumforbygging er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området ligg i kort avstand frå RV15 med eksisterande avkøyrse. Ei kraftline kryssar uttaksområdet heilt i nedre kant.	Kraftlina over nedre dela av området, råkar området i liten grad, og vil ikkje skape større vanskar for steinuttak i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Uttaksområdet har ikkje særleg verdi for friluftsliv eller betyding for barn og unge.	Uttak vil medføre små problem i forhold til utøving av friluftsliv.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Ura består av stein som har rasa ut frå Rauberget. Aktsemdskart frå NVE, viser at uttaksområdet er utsett for steinsprang, jord- og flaumskred og snøskred. Ved arbeid i ei slik storsteina bratt steinur (helling opp i 47 %) vil steinsprang vere noko ein kan pårekne og måtte ta omsyn til. Det går ei høgspente line over nedre del av området. Innlandsgis viser at ei dreneringsline like nedfor ura, som er rekna til å drenere eit areal på 100-500 dekar.	Steinsprang vil kunne medføre tap av liv eller personskade, og tap av materielle verdiar knytt til drift av eit steintak. Ved uttak av stein må ein sørge for tiltak som førebygger mot utras av stein mot areal nedfor og RV15. Ved arbeid i nedre del er det fare for berøring av høgspenteleidning, men det er i hovudsak frakt av stein som vil skje under denne. Det er rekna at overvatn vil drenere ut nedfor ura, men ein må takast omsyn til dette ved drift av uttaket og ved anlegg av veg for uttransport.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Trafikktryggleik	Uttaksområdet ligg på oppsida av RV15 med avkøyrsl til denne. RV15 har berekna ÅDT på 2200 køyretøy med 18 % lange køyretøy, og fartsgrensa er 80 km/t. Det er buss-lommer langs RV15 vest for krysset mot Liabruvegen. Mykje hjortevilt kryssar vegen i området.	Det er ei oversiktleg veg-strekning der uttaket ligg, men det er høg fart og eit samansett/komplisert trafikkbilde. Det er registrert fleire trafikk-ulykker på staden, og ein reknar med at avkøyrsla til området i dag, truleg ikkje vil vere eigna for ei verksemd med eit større steinuttak med omsyn til tryggleik.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Det er stort behov for stein til forbyggingsarbeider og muring, og førekomsten ligg forholdsvis lett tilgjengeleg for uttak. Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa i området, og kort transport av stein ut til anlegga, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	Før evt. uttak, må det gjerast ei fagleg utgreiing av skredfare/tiltak mot skred - dette med omsyn til tryggleik ved drift av uttak i den bratte ura og fare for ras mot RV15. Ei verksemd med eit større steinuttak, vil utløyse behov for at det må etablerast ny avkøyrsl til RV15 med omsyn til trafikktryggleik. Uttak kan medføre støy mot nærliggande bustad-bygnad. Det det er elles negative konsekvensar knytt til landskap, jordbruksdrift, og kulturminne/kulturmiljø. Eit mindre uttak i nedre del vil gjere uttaket mindre konfliktfylt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens





Lengdeprofil (blå strek på terrengmodell øvst) viser at Kjæstadura er bratt – med totalstiging på 32 % på strekningen fra velteplassen og så langt opp som uttaksområdet er vist på kommunedelplanen fra 1998 (fra 404 moh. til 454 m.o.h.).

Samla vurdering:

Det er behov for stein til vassdragsforbygging og muring, og førekomsten ligg forholdsvis lett tilgjengeleg for uttak. Aktivitet med eit større/kommersielt uttak vil utløyse krav om utgreiing av skredfare/tiltak mot skred og for at det må etablerast ny avkøyrseil til RV15 med omsyn til trafikktryggleik.

Uttak av stein, utkøyring og evt. tilpassing av stein med pigging, vil medføre støy mot bustadbygning/gardsbygning. Bygg som er brukt til bustad/fritidsbygning ligg i forholdsvis stor avstand

frå uttaket, slik at støyforureining er vurdert til å ha liten negativ konsekvens. Uttaksområdet ligg dessutan innfor areal som er omfatta av vegtrafikkstøy. Konsekvensutgreiinga viser elles negative konsekvensar knytt til landskap, landbruksdrift, kulturminne/kulturmiljø.


Konsekvensutgreiinga tilseier at eit større/kommersielt steinuttak i område MS8 på heile det 13,7 dekar store arealet som er ligg i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, vil vere eit stort inngrep i landskapet og vil kunne medføre at ura vert ustabil med omsyn til ras.

Det er stort behov for stein til forbyggingsarbeider for sikring mot flaumskadar. For å sikre tilgang på stein, er Kjæstadura ein lokalitet der slik stein ligg lett tilgjengeleg for uttak. Plankontoret vurderer at det derfor er aktuelt å vidareføre nedre del av området som framtidig uttaksområde for stein. Eit redusert areal som er lokalisert til den nedre delen, vil venteleg innebere ein vesentleg reduksjon av dei negative konsekvensane som er knytt til uttaket. Med tanke på fare for ras, vil det venteleg vere lite problematisk å ta ut stein i nedre del av området. Av flybilde og terrengprofil, går det fram at dei fleste og største blokkene som har rasa ut frå Rauberget, har stoppa på ei naturleg terrengflate og er samla mellom 430 moh og 447 moh. Plankontoret vil foreslå at uttaksområdet vert lagt ut med ei ny avgrensing noko nedafor denne flata.

Konklusjon:

Konsekvensutgreiinga tilseier at eit større/kommersielt steinuttak i område MS8 på heile det 13,7 dekar store arealet som er ligg i kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, vil vere eit stort inngrep i landskapet og som vil kunne medføre at ura vert ustabil med omsyn til ras.

Plankontoret vil foreslå at området vert vidareført som uttaksområde i kommuneplanforslaget, men at uttaksområdet vert redusert i storleik og avgrensa til den nedre del av det av arealet som er omfatta av kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997, jf. kartfigur under. Plankontoret meiner det vil redusere dei negative konsekvensane til eit akseptabelt nivå. Ein føresetnad for vidareføring av området i kommuneplanforslaget, er at det i planforslaget blir teke krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak kan skje, og krav om gjennomføring av ei fagleg utgreiing av skredfare/tiltak mot skred for den arealet omfatta av den nye områdeavgrensinga som del av reguleringsplanarbeidet. Ein reguleringsplan og utgreiinga av skredfaren, må da i fall omfatte både uttaksområdet og areal for tilkomstveg og avkøyrsl til RV15. I det nye forslaget omfattar MS8 eit areal på 5,9 dekar.




Forslag til ny avgrensing av område MS8 – Kjæstadurde – storleik 5,9 dekar.

2.28 MS10: Tessemagasinet – Råstoffutvinning - eksisterande.

Forslagsstillar:	Lom kommune. Konsekvensutgreiing er utført med bakgrunn i motsegn frå NVE og merknadar frå Statsforvaltaren og Innlandet fylkeskommune ved 1. gongs offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030.
Gnr./bnr.	157/1 – Vårdalen statsallmenning sør
Dagens formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Foreslått formål	Råstoffutvinning - eksisterande
Areal	122,6 daa.
Dyrka mark/dyrkbar jord	0 daa

Området er vidareført frå gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene vedteken 18.05.2009, der området ligg som område for råstoffutvinning R2. I kommunedelplanen står det er eit eksisterande område under HRV i Tesse sør for Ostjønne (nr. S10 i kommunedelplan for sand, grus og stein, vedteken 19.06.1997). Uttaket er eit steinbrot i fast fjell, og skal nyttast til forbyggingar ved Tesse. I planføresegnene er det skrive at uttaksområdet ikkje kan takast i bruk før dei inngår i reguleringsplan, noko som også er påført plankartet. Området er ikkje regulert eller teke i bruk. NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging.



Kartutsnitt frå planforslaget. Faresoner for flaum og skred er utelete på utskrifta for betre lesbarheit.



MS10 på flybilde frå 2020. Alle flybilde kommunen har tilgjengeleg frå 60-talet og til no, viser alle berre vassareal.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Uttaka skal skje som steinbrot ute i Tesse-magasinet. Arealet er i ikkje registrert som naturtype, og det er ingen registreringar i Artsdatabanken lokalisert til sjølv uttaksområdet. Ostjønne ligg like nord for uttaksområdet, og her er det registrert ein rekkje fugleartar som er oppførte som truga eller nær truga på raudlista: havelle, bergand, sjøorre, skjeand, makrellterne, hettemåke, vipe, horndykkar, brushane, storspove, myrhauk og Jordugle. Auren i Tesse er storvokse og av god kvalitet.	Området i Ostjønne er lagt ut med omsynssone med særlege omsyn til naturmiljø i kommuneplanforslaget. Steinbrot ute i Tesse, med sprenging og pigging, vil kunne forstyrre fuglelivet i området. Alle flybilde kommunen har tilgjengeleg frå 60-talet og til no, viser alle berre vassareal i uttaksområdet, men ein føreset at steintaka skal skje på tørt land når Tesse er nedtappa. Trykkbølger frå sprenging kan tenkast å skade fisk.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområdet omfattar areal ute i Tesse utan verdi for landbruksproduksjon.	Ingen.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Landskapet ved uttaksområdet er prega av Tesse med seterområdet innafor og fjellområde rundt. Tesse er regulert mellom høgde 842-854 moh, slik at store sandflater pregar landskapet store delar av året. Landskapet er likevel særprega, og har verdiar over det normale.	Uttaksområdet ligg ope til for innsyn frå store område når Tesse er heilt tappa ned, men blir uttaksområdet svømd over størstedelen av året. Sidan uttaksområdet for det meste er dekt av vatn, vil skadeverknadane for landskapet vere små.	<i>Middels verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i uttaksområdet. Ved og i Ostjønne er det fleire steinalderbuplassar som er freda. På setrene på Vågåsida og på Nord-setrene er det eldre bygningar i SEFRAK-registeret med meldeplikt.	Uttaket vil ikkje kome i direkte konflikt med kulturminne eller kulturmiljø, men sprengingar i eit område nær steinalderbuplassane kan vere uheldig. Sidan uttaksområdet for det meste er dekt av vatn, vil skadeverknadane for kulturlandskapet vere små.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Liten negativ konsekvens (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Berggrunnskart frå NGU viser at bergarten er fyltitt. I kommunedelplanen, er det skrive at uttaket er eit steinbrot i fast fjell, og skal nyttast til forbyggingar ved Tesse. Ein kjenner elles lite til ressursen.	I planføresegnene er det skrive at uttaksområdet ikkje kan takast i bruk før dei inngår i reguleringsplan. Området er ikkje regulert sidan vedtaket av kommunedelplanen for Nordsetrene frå 2009, og ikkje teke i bruk.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Forureining, energi og klima	Uttak av stein i fast fjell, vil medføre støy frå mellom anna sprenging og pigging.	Det ligg ein del hytter og seterbygnad på Vågå-sida i en avstand 150 m - 750 frå uttaksområdet, og støy, støv og vibrasjonar frå sprenging, pigging og anna verksemd i uttaket vil vere skjenerende for desse. På grunn av at verksemda må skje da vasstanden i Tesse er på det lågaste, vil uttaka måtte skje over ein stutt periode, noko som i nokon grad vil avgrense problema. Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa, og kort transport av stein ut til anlegga, er positivt med omsyn til energibruk og klima.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Ved uttak må steinen køyrast til ein lagringsplass på land.	Det er truleg ikkje knytt særskilte verknadar for teknisk infrastruktur.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Strandområdet ved nordenden av Tesse er mykje brukt til friluftsliv. Området er lett tilgjengeleg ved veg, og eigna friluftsområde for barn og unge. Det er preparert skiløype like forbi området. Brimiskogen klatrepark ligg i området, det er fleire hytter og setre på Vågå-sida og det er eit tårn for fugleobservasjonar ved Ostjønne. Det er stor aktivitet med fritidsfiske i Tesse.	Ulempene av steintak ute i Tesse for friluftsliv, er i hovudsak knytt støy og anleggstrafikk. På grunn av at verksemda må skje da vasstanden i Tesse er på det lågaste, vil uttaka måtte skje over ein stutt periode, noko som i nokon grad vil avgrense problema. Dersom trykkbølger frå sprenging vil skade fiskebestanden, vil det være svært negativt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samfunns-tryggleik	Uttaket ligg i vatnet, og aktsemdskart viser at uttaksområdet ligg utsett for flaum. Tesse er regulert, og vassnivå er dels styrt av regulanten.	Det er lite sannsyn for at flaum/rask auking av vassnivå, vil medføre fare for personskadar eller tap av større materielle verdiar i uttaksområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikktryggleik	Uttak vil måtte skje over ein kort periode, og steinen må fraktast på land for lagring. Det er uklart kor dette lageret vil bli, og det må bli fastsett ved utarbeiding av reguleringsplan.	Steinuttak vil måtte vere avgrensa i tid, og ein reknar at risikoen for trafikkulykker i liten grad vil auke pga. uttaket og transporten som er knytt til dette.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	I kommunedelplanen, er det skrive at uttaket er eit steinbrot i fast fjell, og skal nyttast til forbyggingar ved Tesse. Det er sett krav om reguleringsplan.	Området er ikkje regulert eller teke i bruk. Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa, og kort transport av stein ut til anlegga, er positivt med omsyn til energibruk og klima. Det det er forholdsvis store negative konsekvensar av uttaket knytt til naturverdiar, støy og friluftsliv.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tilgang på stein til forbyggingsarbeider er avgrensa, og kort transport av stein ut til anlegga, er positivt med omsyn til energibruk og klima.

Det det er forholdsvis store negative konsekvensar av steintaket knytt til naturverdiar, støy og friluftsliv.

NVE har motsegn mot masseuttak i vassdrag utan reguleringsplan - og stillar krav om reguleringsplanlegging. Statsforvaltaren har i si uttale sterkt oppmoda kommunen om å stille krav utarbeiding av reguleringsplan for området.

Konklusjon:

Sidan kommunedelplanen for Nordsetrene vart vedteken i 2006, er naturverdiar i området betre dokumentert, og bruken av området for friluftsliv har auka mykje pga. hyttebygging på Vågå-sida og auka besøk av turistar på turistverksemdene på Nordsetrene.

Konsekvensutgreinga tilseier at steintak i område MS10 har så store negative samfunnsmessige konsekvensar at desse oppvegar dei verdiane som steintaket vil føre med seg.

Plankontoret rår til å ta områda MS10 – Tessemagasinet - ut av planen som område for råstoffutvinning før planforslaget vert lagt ut til nytt offentleg høyring og ettersyn. Det blir tilrådd at arealet får arealbruksformål *Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone - noverande.*

3. Arealrekneskap for masseuttaksområde utan reguleringsplan.

Nedafor er sett opp eit arealregnskap for alle dei 28 områda for råstoffutvinning utan reguleringsplan som er konsekvensutgreidd (bruttoliste):

Område nr.	Område namn:	Veganlegg/bruksformål:	Uttak på land (L), på øyr i elv (VØ), vasskraft-magasin (VM)	Stein-brot/uttak av murerstein frå steinur	Areal
M1	Stallhytta, Veodalen	Veodalsvegen	L		6.5
M6	Kyrkjeflaten	Veganl. Hesthagen–Smørli-Eklesæter	L		53.7
M13	Skauta	Visdalsvegen, ytre del	L		2.4
M50	Illmyrbakkjin	Veganl. Sålell - Foss	L		2.2
M80	Hovdevegen	Hovdevegen	L		1.8
M81	Juvasshytta	Galdhøpiggevegen	L		18,0
M87	Åslia	Åslivegen	L		2.8
M88	Vesløygarden, Lia	Veganl. Nyrneshaugen–Grøna elv	L		1.3
M89	Barhaugen, Lia	Veganl. Nyrneshaugen–Grøna elv	L		1.8
M90	Jota, Lia	Veganl. Nyrneshaugen–Grøna elv	L		1.0
M91	Liasetra	Veganl. Risbrotet - Liasetra	L		4.4
M92	Kvammen, Lia	Veganl. Masåmyrbakken-Kvammen	L		1.5
M93	Vamba, Lia	Veganl. Jota-Rusten	L		2.6
M94	Botten, Lia	Veganl. Jota-Rusten	L		2.4
M99	Omondjordet	Meadalsvegen	L		14.1
M100	Tavelflye	Smådalsvegen	L		0.4
M104	Otta, Geitøye	Husbehov/ lokale behov	VØ		89.9
M105	Otta v/ Vulu, Garmo	Lokale behov i Garmo	VØ		151.6
M106A	Otta, Liabrue aust	Husbehov/ lokale behov i Lia	VØ		11.9
M106V	Otta, Liabrue vest	Husbehov/ lokale behov i Lia	VØ		7.2
M108	Otta, Yttervikje	Husbehov/ lokale behov i Lia	VØ		3.2
M109	Tessemagasinet v/ Ilva	Husbehov for sætrene	VM		5.1
MS3	Graffer	Til bruk i NVE sine anlegg	L	X	1.6
MS4	Brimi	Lokalt uttak av skifer til byggeformål	L	X	1.8
MS5	Thulittbrot Lia	Uttak av thulitt (nasjonalstein)	L	X	3.3
MS6	Lille Odden Vårdalen st.alm. n.	Til murstein og vassdragsforbygning	L	X	1.6
MS7	Storurde, Nordre Lia	Til murstein og vassdragsforbygning	L	X	12.2
MS8	Kjæstadurde	Til murstein og vassdragsforbygning	L	X	13.7
MS10	Tessemagasinet	Til vassdragsforbygning ved Tesse	VM	X	122.6
Sum:					524.6

Konsekvensutgreiinga av kvart enkelt område, har som resultat at plankontoret har vurdert at ein del av områda er vurdert å ha større negative konsekvensar enn dei verdiar dei utløysar av verdiar for samfunnet. Desse rår da plankontoret til å ta ut av planforslaget. Under er det vist arealrekneskap for dei 16 områda for råstoffutvinning utan reguleringsplan som plankontoret har rådd til at blir med i planforslaget som blir lagt ut til 2. gongs offentleg høyring og ettersyn:

Område nr.	Område namn:	Veganlegg/bruksformål:	Uttak på land (L), på øyr i elv (VØ), vasskraft-magasin (VM)	Stein-brot/uttak av murerstein frå steinur	Areal	Krav Om reg. plan R
M1	Stallhytta, Veodalen	Veodalsvegen	L		6.5	R
M6	Kyrkjeflaten	Veganl. Hesthagen–Smørli-Eklesæter	L		53.7	R
M13	Skauta	Visdalsvegen, ytre del	L		2.4	
M81	Juvasshytta	Galdhøpiggevegen	L		18.0	R
M89	Barhaugen, Lia	Veganl. Nyrneshaugen–Grøna elv	L		1.8	
M90	Jota, Lia	Veganl. Nyrneshaugen–Grøna elv	L		1.0	
M92	Kvammen, Lia	Veganl. Masåmyrbakken-Kvammen	L		1.5	
M93	Vamba, Lia	Veganl. Jota-Rusten	L		2.6	
M99	Omondjordet *	Meadalsvegen	L		14.1	R
M100	Tavelflye**	Smådalsvegen	L		0.7	
M105	Otta v/ Vulu, Garmo	Lokale behov i Garmo	VØ		151.6	R
M109	Tessemagasinet v/ Ilva	Husbehov for sætrene	VM		5.1	R
MS3	Graffer	Til bruk i NVE sine anlegg	L	X	1.6	R
MS5	Thulittbrot Lia	Uttak av thulitt (nasjonalstein)	L	X	3.3	
MS7	Storurde, Nordre Lia	Til murstein og vassdragsforbygning	L	X	12.2	R
MS8	Kjæstadurde ***	Stein for forbygging og rassikring	L	X	5.9	R
Sum:					282.0	

*Auka areal sidan 1. off. høyring og ettersyn.

** Auka areal sidan 1. off. høyring og ettersyn.

***Redusert areal sidan 1. off. høyring og ettersyn.

For 9 av områda foreslår plankontoret at det i planføresegnene til kommuneplanen stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttaka kan fortsette. Desse er merka men R i tabellen.

For sju av dei områda som ikkje blir føreslege omfatta av reguleringskrav, meiner kommunen at ressursen og arealforvaltinga ved uttaksområdet blir godt nok teke i vare gjennom kommuneplanen. M13, M89, M90, M92, M93 og M100 omfattar små uttaksområde knytt til vedlikehald av landbruksvegar/ setervegar. Kommunen oppfatar desse til å ligge nær grensa for masseuttak til husbehov, dvs. uttak til eige forbruk i tråd med landbruksformålet i LNF-område - og som da ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Utlegg av uttaka i kommuneplanen vil gjere at det ikkje vil vere tvil om at uttaka er lovlege, og gjennom å knyte planføresegner til desse uttaka etter §§11-9 og 11-10 i plan- og bygningslova, meiner kommunen ein vil ha tilstrekkeleg styring med uttak og arealdisponering kring desse. Når det gjeld område MS5, Thulittbrot i Lia, er uttaka som har

skjedd/skjer her svært avgrensa. Det blir her teke ut mindre mengder av nasjonalsteinen thulitt til bruk som dekorstein og for sliping av smykker osv. Kommunen vurderer naturinngrepa knytt til det uttaka av thulitt som skjer er svært små, og at kostnadane knytt til utarbeiding av reguleringsplan langt vil overstige verdien av thulitten som blir teke ut i det omfanget som skjer no. Uttaket har meir form av eit prøveuttak, og i planføresegnene vil ein føreslå å stille krav til utarbeiding av reguleringsplan, dersom uttaksmengdene i område MS5 samla sett kjem ut over eit visst nivå.

Kommuneplanen skal også ha eit arealrekneskap for kva for arealressursar som bli råka av arealinngrepa knytt dei føreslegne område for råstoffutvinning. I arealregnskapet under er det gjeve tal for kor mykje areal som eventuelt blir omfatta av område for råstoffutvinning med omsyn til dyrka areal, innmarksbeite, produktiv skogsmark, anna areal og evt. kva som er dyrkbart areal av dette. Jordregisteret (AR5) er brukt som bakgrunn for inndeling av arealkategoriar i tabellane. Produktiv skog omfattar skog med bonitet låg eller betre. Anna omfattar areal det er bygd på, impediment skog, samferdselsareal mm. Vassareal omfattar areal under middel flaumvasstand/høgste regulerte vassnivå. «Dyrkbart» er areal som ved oppdyrking skal halde krava til fulldyrka jord. Datasettet er etablert som et avleia datasett frå kartlagd dyrkbar jord ved etableringa av økonomisk kartverk 1960-1990.

Arealrekneskap for område for råstoffutvinning utan reguleringsplan, som vert føreslege vidareført ved utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring av planforslaget:

Nr.	Områdenamn	Sum areal daa	Dyrka mark - daa	Innmarks- beite daa	Prod. skog - daa	Anna, bygd, imp. skog - daa	Vassareal	Derav dyrkbart daa
M1	Stallhytta, Veodalen	6.5				6.5		
M6	Kyrkjeflaten	53.7			12.1	41.6		
M13	Skauta	2.4				2.4		
M81	Juvasshytta	18.0				18.0		
M89	Barhaugen, Lia	1.8			1.8			
M90	Jota, Lia	1.0			1.0			
M92	Kvammen, Lia	1.5			1.5			
M93	Vamba, Lia	2.6			2.6			
M99	Omondjorget *	14.1			7.8	6.3		
M100	Tavelflye **	0.4				0.7		
M105	Otta v/ Vulu, Garmo	151.6					151.6	
M109	Tessemagasinet v/ Ilva	5.1					5.1	
MS3	Graffer	1.6			1.6			
MS5	Thulittbrot Lia	3.3			3.3			
MS7	Storurde, Nordre Lia	12.2				12.2		
MS8	Kjæstadurde ***	5.9	0.7	0.2	0.1	4.9		
Totalt		282.0	0.7	0.2	31.8	92.6	156.7	0.0

*Auka areal sidan 1. off. høyring og ettersyn.

** Auka areal sidan 1. off. høyring og ettersyn.

***Redusert areal sidan 1. off. høyring og ettersyn.

4. Vurdering av samla konsekvensar for masseuttaksområde utan reguleringsplan.

Samla konsekvensutgreiinga for kommuneplanens arealdel, er ei overordna omtale av planframlegget sine konsekvensar for miljø og samfunn når det gjeld arealformål og utredningstema. Samla verknader av planforslaget er det «avtrykket» forslaga til endra arealbruk i planforslaget sett att for relevante miljø- og samfunnsforhold. Tema som er omtalt er dei same som er i KU-skjema for dei enkelte områda.

4.1 Naturmiljø og naturmangfald - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Forvaltningslova § 17 seier at forvaltningsorganet skal sjå til at sakene er så godt opplyst som råd før vedtak treffast. Dette medfører plikt til også å utgreie og vurdere konsekvensane vedtaket får for naturmangfaldet. Dette er nærare nedfelt i Naturmangfaldslova (nml.) kapitel II, §§ 8–12. Det gjeld anten eit vedtak gjerast med heimel i naturmangfaldslova eller andre lover. Et grunnleggande krav i desse lovparagrafane er at alle vedtak skal bygge på kunnskap om naturmangfaldet og korleis eit planlagt tiltak påverkar naturmangfaldet (§ 8). Ved vurderinga av om et tiltak skal tillatast eller ikkje, skal prinsippa (§§ 8-12) bli lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga, jf. § 7. Det skal bli gjort ei vurdering av den samla belastninga som naturmangfaldet blir, eller vil bli, utsett for (§ 10). Kostnadene ved miljøforringing som vedtaket eventuelt medfører, skal dekkast av tiltakshavar (§ 11). Det skal bli lagt vekt på miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikkar og lokalisering (§ 12). Veit ein lite om verknadane av tiltaket, skal føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt i saken (§ 9).

Det skal etter § 8 i nml. gjerast ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget som er bakgrunn for utgreiinga av forslag til ny arealbruk i kommuneplanforslaget. Kunnskapsgrunnlaget knytt til, baserer seg i hovudsak på offentleg tilgjengeleg kartinformasjon og tematiske datasett som samanstillast med dette tilsvarende data som ligg i InnlandsGIS, flybilette (nye og gamle), samt lokalkunnskap og synfaringar av fleire av områda som er føreslege. I konsekvensutgreiinga av områda for råstoffutvinning, har ein også henta informasjon frå Kommunedelplan for sand, grus og stein, vedteken av Lom kommunestyre frå 1997, og NGU si base for mineralressursar og grus- og pukkressursar. For uttaksområda M99 og MS3 i Meadalen, har ein også henta informasjon frå konsekvensutgreiing for Graffer kraftverk frå 2014 (Rådgivende Biologer AS rapport 1875).

Føre-var-prinsippet jf. § 9 i nml. skal nyttast når man ikkje har tilstrekkeleg med kunnskap til å vite kva verknader ei avgjerd vil ha for naturmangfaldet. Føresegnene til planen, legg opp til at det må utarbeidast reguleringsplanar for fleire av områda for råstoffutvinning før vidare uttak. Krav/vurdering av behov for vidare undersøkingar kan da bli nedfelt i planføresegnene til kommuneplanens arealdel, og må da takast inn som ein føresetnad ved utarbeiding av planprogram i samband med reguleringsplanarbeida. Det kan mellom anna bli stilt krav om arkeologiske undersøkingar, støyanalysar, overvassplan, utgreiing av løysingar for vatn/avløp m.m. Dette går i hovudsak på forhold enn naturmiljøet, og ein finn at det ikkje knyter seg slike usikkerheiter til kunnskapen knytt til naturmangfald og biologisk mangfald til områda, slik at føre-var-prinsippet ikkje trer inn for her å utsette eller unnlata å gjere vedtak i saka.

Kunnskapsgrunnlaget for dei enkelte områda som er vurderte i konsekvensutgreiinga er vist i tabell på neste side.

Område	Namn	Kunnskapsgrunnlag
M1	Stallhytta, Veodalen	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M6	Kyrkjeflaten	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. NGUs grusdatabase. Synfaring 2021.
M13	Skauta	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M50	Illmyrbakkjinn	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. NGUs grusdatabase.
M80	Hovdevegen	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Faktaark frå Naturbase.
M81	Juvasshytta	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom 1997. Reguleringsplan for Galdhøpiggevegen 2001.
M87	Åslia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M88	Vesløygarden, Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Faktaark frå Naturbase.
M89	Barhaugen, Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Synfaring 2021.
M90	Jota, Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M91	Liasetra	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M92	Kvammen, Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M93	Vamba, Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M94	Botten, Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M99	Omondjordet	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. NGUs grusdatabase. Synfaring 2021.
M100	Tavelflye	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M104	Otta, Geitøye	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Faktaark frå Naturbase.
M105	Otta v/Vulu, Garmo	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Kommunedelplan for Garmo frå 1999. NGUs grusdatabase. Faktaark frå Naturbase.
M106A	Otta, Liabruv aust	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M106V	Otta, Liabruv vest	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M108	Otta, Yttervikje	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
M109	Tessemagasinet v/ Ilva	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Kommunedelplan for Nordsetrene frå 2009.
MS3	Graffer	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997. Synfaring 2021.
MS4	Brimi	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
MS5	Thulittbrot Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
MS6	Lille Odden	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
MS7	Storurde, Nordre Lia	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
MS8	Kjæstadure	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.
MS7	Tessemagasinet	Temadata tilsvarende InnlandsGIS. Flybilette. Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom frå 1997.

Lokalitetar på liner med grå bakgrunn, er ikkje føreslege vidareført til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

For dei 16 områda som utgreidd for masseuttak utan reguleringsplan, og som plankontoret føreslår å vidareføre som område for råstoffutvinning ved utlegging til 2. gongs. ettersyn og høyring, går det fram av konsekvensutgreiingane, at det ikkje er areal som er registrert som verdifull naturtype med verdi A og B. Naturtype med A: Svært viktig (nasjonalt viktig) og B: Viktig (regionalt viktig) er lagt ut med omsynssone knytt til bevaring av naturmiljø på plankartet. Område M105 Otta ved Vulu i Garmo, ligg dels innafør naturtype i naturbase med verdi C: Lokalt viktig, men arealet med naturtype er ikkje lagt inn som omsynssone på plankartet.

Det er ikkje registrert freda eller truga artar innafør dei 16 områda som plankontoret føreslår å vidareføre i som område for råstoffutvinning. For to av områda som ligg langs Meadalsvegen M99 og MS3, er det registrert hekking av freda rovfugl i ein avstand på 1-1,5 km frå uttaka. Arten har status livskraftig (LC) i den norske raudlista, og er vanleg vis gjeve ei viltvekt tilsvarande regional verdi. Kunnskapen omkring denne hekkelokaliteten er god.

Plankontoret vurderer den eksisterande kunnskapen om naturverdiar og naturmangfald for dei 15 områda som plankontoret føreslår å vidareføre som område for råstoffutvinning, til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane kommunen skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Ein vurderer det slik at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml. ikkje slår inn på dette plannivået. Kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet er vurdert som godt nok for vedtak knytt til kommuneplanen. For dei to av områda som ligg langs Meadalsvegen M99 og MS3, der det er registrert hekking av freda rovfugl 1 til 1,5 km unna, er det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak kan startast/helde fram. Rovfuglarten startar hekkinga mars-april og ungen/ungane held seg ved reiret og blir mata av foreldra ut over sommaren. Avstanden til hekkelokaliteten er så vidt stor, at ein vurderer at uttaka ikkje vil forstyrre hekkinga. Føre-var-prinsippet tilseier likevel at ein i reguleringsplanprosessen må gjere nærare vurderingar av om en skal ha forbod mot aktivitet/eller typar aktivitet i uttaksområda i delar av hekkesesongen.

§ 10 i nml. set krav om økosystemtilnærming og vurdering av samla belastning. Ut frå §12 i nml. skal ein mellom anna vurdere alternativ lokalisering, dersom det er konflikstar i forhold til naturverdiar. Ei samla vurdering av verknadar for naturmiljø og naturmangfald for alle utbyggingstiltak er ganske komplisert. Ved vurderinga av områda for råstoffutvinning, er det tatt omsyn til områda sin verdi for dyre- og planteartar. Kommunen har store utmarksområde, og leve- og beiteområda som er kartlagde for ulike viltartar dekkjer store delar av desse. Når det gjeld hjortevilt, har det blitt meir elg, rådyr og mykje meir hjort, sidan kommunen utarbeidde viltkartet i 1995. Desse har også større leveområde enn før, og artane er nå vanleg overalt i kulturlandskapet, og førekjem i større tal også opp mot og i fjellet. Villrein finnast i Reinheimen og i Breheimen, og er omfatta av regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026. I planen er det sett av areal som nasjonalt villreinområde med randsoner. Desse er avlagt som omsynssoner i kommuneplanforslaget. Heile 59 % av arealet i Lom kommune er underlagt vern i medhald av naturmangfaldslova som nasjonalpark (52 %), landskapsvernområde (6 %) eller naturreservat (1 %). Desse er avlagt som bandleggingssonar på plankartet. Ingen av områda for råstoffutvinning som er konsekvensutgreidd omfattar verneområde. Eit av områda som er konsekvensutgreidd M91 Liasetra ligg delvis innafør villreinens leveområde, medan område M87 Åsli ligg nær leveområdet. Desse to områda er av plankontoret ikkje føreslege vidareført som område for råstoffutvinning til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

I tillegg er områder som ligg kartlagt som viktig naturtype med verdi A (Svært viktig) og B (Viktig) i Naturbase avsett som omsynssoner på kartet, der desse ikkje er omfatta av vern etter naturmangfaldslova. Alt i alt har ein i størst mogeleg grad styrt unna verdifulle naturområde ved forslag av nye utbyggingsområde. Einaste området som er konsekvensutgreidd som ligg innafor viktig naturtype (verdi B) og omsynssone på plankartet, er område M104 Otta ved Geitøye, men dette området er ikkje føreslege vidareført som område for råstoffutvinning til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Ei oppsummering av dei vurderingar som er gjort av områda for råstoffutvinning i forhold til naturmangfaldslova §§ 8 -12 om *kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*, er at plankontoret meiner at krava som er sett i lova å vere er oppfylt for dette plannivået. Ei samla vurdering den føreslegne vidareføringa av 14 av i alt 28 utgreidde område for råstoffutvinning utan reguleringsplan, er at det nye kommuneplanforslaget ikkje legg opp til område som råstoffutvinning som i vesentleg grad går ut over naturmangfaldet og som ikkje gjev ei for stor samla belastning.

4.2 Jord, skogbruk og reindrift.

Kommunen forsøker så langt det er mogeleg å følgje opp dei nasjonale målsettingane og legg opp til en restriktiv haldning til nedbygging av dyrka jord, dyrkbar jord og skogsareal av god bonitet. For dei 16 areala utan reguleringsplan som plankontoret gjer framlegg om at blir vidareført som område for råstoffutvinning etter konsekvensutgreiinga, viser arealrekneskapen at berre eit av dei omfattar jordbruksareal. Nedre del av MS8 Kjæstadura er kartlagt med 0, 7 dekar overflatedyrka jord og 0,2 dekar innmarksbeite. Produktiv skog som blir råka av areal som blir føreslege vidareført som utbyggingsområde, omfattar 31,8 dekar, men er i all hovudsak skog av låg bonitet. Områda er forholdsvis små, og legg i svært liten grad beslag på viktige område for utmarksbeite.

Fem av dei konsekvensutgreidde områda ligg innafor konsesjonsområde for tamreindrift (M1, M13, M50, M81 og M100). I konsekvensutgreiinga er det ikkje rekna at nokon av desse har vesentlege skadeverknadar for reindrifta.

Mange av uttaka ligg i tilknytning til landbruksveggar og setervegar, og for landbruksnæringa og reindriftsnæringa er det viktig at desse vegane blir sikra tilgang på grusressursar for vedlikehald med omsyn til transport av avlingar og gjødsel, transport av beitedyr, tilsyn av dyr, samling av dyr, skogsdrift osv. Nærheit til veganlegga er viktig for å halde kostnadane nede, og i mange fall kan gardbrukarane nytte eigne maskinar og utstyr i uttaka og for transport ut på veganlegget.

4.3 Landskap.

Fire av dei 16 områda som blir føreslege vidareført som område råstoffutvinning etter konsekvensutgreiinga, er utgreidd med "*Middels negativ konsekvens*" på punktet landskap: M1 Stallhytta i Veodalen, M6 Kyrkjeflaten, M81 Juvasshytta og MS8 Kjæstadurde. Når det gjeld MS8 Kjæstadurde er det berre føreslege å ta med den nedste delen av det utgreidde arealet, slik at den negative landskapsverknaden blir betydeleg redusert.

For dei andre områda som er vurderte i KU er konsekvensane med omsyn til påverknad på landskapsverdiar, utgreidd til liten negativ eller ubetydeleg konsekvens.

Den samla verknad av kommuneplanforslaget med omsyn synlege og uheldige landskapsinngrep, vurderast av plankontoret til å vere av akseptabelt omfang.

4.4 Geologiske og hydrologiske ressursar.

Forutan utviding av område M99 Omundjordet til også å omfatte tidlegare uttaksområde på naboteigen som lagrings-/behandlingsområde, og eit tilleggsareal på 0,3 dekar til M100 Tavelflya, er det er ikkje føreslege nye areal for massetak i planforslaget. Alle lokalitetane som ligg inne som område for råstoffutvinning, er alle areal for eksisterande massetak som ligg i kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997 og som ligg i gjeldande kommuneplan frå 2003 eller kommunedelplanar.

Når det gjeld forholdet til hydrologiske ressursar, er det i tilknytning til område M105 Otta ved Vulu i Garmo, lagra grus på land innafor sikringssone for Garmo vassverk. Plankontoret har føreslege å stille krav om utarbeiding av reguleringsplan dersom uttaket her skal halde fram. Forholdet kring lagringa og sikringssonene, vil da bli avklart i samband med reguleringsplanprosessen. Den nasjonale basen for grunnvassressursar, GRENADA, viser ingen konflikt med nokon av dei andre areala som er utgreidd som område for råstoffutvinning.

4.5 Kulturminne og kulturmiljø.

Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Ingen av områda som er utgreidd som område for råstoffutvinning, er i direkte konflikt med kjente freda kulturminne eller kulturmiljø. Det er ikkje gjort arkeologiske registreringar innanfor områda og det må takast atterhald om at det derfor kan finnast uregistrerte automatisk freda kulturminne som ikkje er kjente.

4.6 Forureining, energi og klima.

Vurderingar av verknadar kommuneplanen har for klima og energi er komplisert og samansett. I eit klimarekneskap vil alle formar for å ta «grøne» areal ut av produksjon, kome negativt ut ved redusert plantevekst og redusert CO₂-opptak. Og all transport førar til at CO₂-utsleppet også aukar.

Dei områda for råstoffutvinning som er konsekvensutgreidd, er vurdert å vere gunstige med omsyn til energibruk, forureining og klima. Fleire av områda er knytt til vedlikehald av vegar, og uttaka ligg i tilknytning til desse veganlegga. Dette gjer at transporten vert kort, noko som gjer klimautsleppa låge. Nokre uttak er knytt til uttak av stein for forbyggingsarbeider langs vassdrag for å sikre mot flaum, Steinuttaka har slik storleik at det er lite realistisk og tenkje seg at stein frå desse er aktuelt å nytte anna enn lokalt innan kommunen, slik at også transportavstandane her også vert relativt korte.

4.7 Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.

Ingen av dei områda som er føreslege vidareført som område for råstoffutvinning etter konsekvensutgreiinga, er vurderte til å ha vesentlege skadeverknadar for friluftslivsinteresser eller barn og unges interesser.

4.8 Teknisk infrastruktur.

Ingen av dei områda som er føreslege vidareført som område for råstoffutvinning etter konsekvensutgreiinga, er vurderte til å ha vesentlege verknadar for teknisk infrastruktur.

4.9 Samfunnstryggleik.

Ingen av dei områda som er føreslege vidareført som område for råstoffutvinning etter konsekvensutgreiinga, er naturfare vurderte til å ha vesentlege negative konsekvensar med omsyn til samfunnstryggleik.

Større uttak i MS8 Kjestadurde, slik området låg inne ved 1. offentlege ettersyn og høyring, kunne ha medført auka skredfare. Men området er føreslege redusert til berre å omfatte nedre del til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, slik at denne faren skal vere vesentleg redusert. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak for MS8, og at skredfarekartlegging skal gjennomførast som del av denne prosessen.

Det kan vere ein reell fare for skred og flaum mot enkelte av dei andre anlegga for råstoffutvinning, men lite sannsyn for at skred vil medføre tap av liv/personskadar eller større materielle verdiar.

4.10 Trafikktryggleik.

For verksemda i dei områda som er føreslege vidareført som område for råstoffutvinning etter konsekvensutgreiinga, har ein vurdert at uttak i områda ikkje vil medføre auka risiko for trafikkulykker. Det mest utsette er MS8 Kjestadurde, som ligg inntil RV15. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan før uttak for denne lokaliteten, noko som vil medføre planlegging og prosjektering av ei ny og trafikksikker avkøyring til riksvegen.